



Tilleggsinnkalling

av

Alver kommunestyre

Møtedato: 15.12.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 10:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhold/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
161/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
162/22	Godkjenning av møteprotokoll
163/22	Tilstandsrapport for barnevernet 2022
164/22	Melding frå kontrollutvalet
165/22	Forvaltningsrevisjon - Økonomistyring i Alver kommune
166/22	Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Alver kommune - Høringsuttale
167/22	Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14. PlanID 1263-201902 - 2. gongs handsaming
168/22	Saksframlegg - Søknad om trafiksikringsmidlar frå Vestland fylkeskommune
169/22	Birkeland - Hella vassleidning
170/22	Manger reinseanlegg
171/22	Høring - grunnrenteskatt på havbruk
172/22	Inntektssystemet for kommunane NOU 2022-10 – høring
173/22	Eigarskapsmelding del 1
174/22	Busetting av flyktningar i 2023
175/22	Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023
176/22	Kommunestyre- og fylkestingsval 2023. Val av røystekrinsar.
177/22	Tilrettelegging - mikrofoner og streaming politiske møter
178/22	NGIR - organisering
179/22	Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt
180/22	Budsjettendringar 2022
181/22	Gebyr- og betalingssatsar 2023 - Alver kommune
182/22	Økonomiplan 2023-2026
183/22	Melding/orientering til kommunestyret 15.12.2022
184/22	Klage på planvedtak på vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang - Reguleringsplan for

E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804

185/22 Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv.
564 Fløksand - Vikebø - PlanID 1256-20160010

12. desember 2022

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jpID>
PlanID-1263201804,
Plannavn-E39 Vikane
- Eikangervåg,
Komnr-4631, FA-L13,
HistSak-18/1618

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
159/22	Utval for areal, plan og miljø	07.12.2022
184/22	Alver kommunestyre	15.12.2022

Klage på planvedtak på vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen frå Statens Vegvesen i sak 20/1999 på Alver kommunestyre sitt vedtak – KO-068/22, datert 19.05.2022, vert teke til følge.

Vedtaket om at «Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuka trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset», vert gjort om.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

“Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.”

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 159/22 innstilling:

Klagen frå Statens Vegvesen i sak 20/1999 på Alver kommunestyre sitt vedtak – KO-068/22, datert 19.05.2022, vert teke til følgje.

Vedtaket om at «Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuge trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset», vert gjort om.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

“Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegnar av revisjonsdato 21.05.21.”

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Saksopplysningar

Plannamn: Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804

Type plan: Privat detaljreguleringsplan

Forslagsstillar: Statens vegvesen

Klagar: Statens vegvesen (SVV) – frittstående statleg organ og sektorstyresmakt

Merknad til klage: Marie og Steinar Fyllingsnes grunneigarar av gards- og bruksnummer - gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma AS

Saka gjeld klage frå Statens Vegvesen på vedtak frå Alver kommunestyre sitt vedtak – KO-068/22, datert 19.05.2022, kor klage frå Marie og Steinar Fyllingsnes – gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma AS på vedteken plan, vart teken delvis til følgje og planen ble godkjent på vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang.

Vedtaket av 19.05.2022 har følgjande ordlyd:

«KO- 068/22 Vedtak:

Kommunestyret tar klagen delvis til følge.

Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuge trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset.»

Vedlagt klagen frå Statens Vegvesen er det to skisser. Skisse 1 viser gang- og sykkelveg sør for E39 mellom Fyllingsnesvegen og regulert undergang. Skisse 2 viser 1 m grusskulder ved same parti.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå Marie og Steinar Fyllingsnes grunneigarar av gards- og bruksnummer - gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma AS, på vedtaket frå KO, der planen ble godkjent på vilkår om å

sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang.

Kommunen har mottatt tilsvar frå Marie og Steinar Fyllingsnes grunneigarar av gards- og bruksnummer - gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma AS.

Klagerett og klagefrist

Statens Vegvesen (SVV) har klagerett som sektorstyresmakt.

Vedtaket frå kommunestyret (KO) av 19.05.2022 er sendt ut den 14.06.2022. Vedtaket var påklaga av SVV den 21.06.2022. Det er gitt utvida klagefrist til SVV innan den 14.10.2022. Klagen er rettidig mottatt (innan rett tid) den 11.10.2022.

Tilsvaret frå Marie og Steinar Fyllingsnes grunneigarar av gards- og bruksnummer - gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma AS er rettidig mottatt innan den frist som var gitt av kommunen.

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følge vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følge, vert vedtaket sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato. Dette fordi vi står att med den endelege planen, noko som og betyr at dei andre klagane (tidlegare klagar på vedtatt plan) ikkje lenger er tatt til følge.

Saksgang – PMU/APM og KO

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Plan- og miljøutvalet (PMU) i møte 25.09.2019 med saknr. 099/19. PMU vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Planforslaget var til offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 09.10.2019 – 29.11.2019. Det kom 14 merknader til planforslaget frå private grunneigarar/naboar, medan det kom inn 8 uttalar frå offentlege høyringsinstansar. Merknadene vart gjennomgått, kommentert og vurdert av administrasjonen i saksframlegget til møte for Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 09.06.2021 med saknr. 082/21.

Endringar etter offentleg ettersyn og høyring:

Endringar som følge av offentlege ettersyn og høyring kjem fram planskildringa kap. 1.6. tabell 2. Dei viktigaste endringane er som følgjer:

- Endringar i plankart og føresegner i høve fjerning av automatisk freda kulturminne.
- Føresegn om reetablering av kantvegetasjon ved fyllingsfot i vassdrag.
- Planert og gruslagt flate på utsida av vegrekkverk i område o_SVG10 og 16 for fotgjengarar frå Fyllingsnesvegen som ikkje ynskjer å krysse E39.
- Oppdatert plankart i høve endringar for områder som er midlertidig beslaglagt til rigg- og anleggsbelte.

Planforslaget var til 2. gongs handsaming i Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 09.06.2021 med saknr. 082/21. APM godkjente planframlegget til reguleringsplan, i form av detaljregulering, for E39 Vikane – Eikangervåg.

Vedtaket av 09.06.2021 har følgende ordlyd:

«Innstilling i APM - 09.06.2021:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.”

Planframlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå Utval for areal, plan og miljø (APM) vart handsama av Alver kommunestyre (KO) i møte den 24.06.2021 med saknr. 082/21. Kommunestyret godkjente planframlegget og vedtok reguleringsplan, i form av detaljregulering, for E39 Vikane - Eikangervåg

Vedtaket av 24.06.2021 har følgende ordlyd:

“Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Innstillinga frå APM vart samrøystes vedteke.

Klage på planvedtak - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804 vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 09.02.2022, der følgende vedtak vart fatta:

«APM- 020/22 Vedtak:

APM utvalet utset saka og ber om meir utgreiing rundt gjennomføring av undergang

opp mot avbøtande tiltak med tanke på dei lovnadane klagar har fått av Statens vegvesen.»

Planframlegget vart samrøystes vedteke.

Utgreiinga rundt gjennomføring av undergang opp mot avbøtande tiltak med tanke på dei lovnadane klagar hadde fått frå Statens Vegvesen (Marie og Steinar Fyllingsnes – gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma AS), vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 23.03.2022 med saknr. 041/22, der følgende vedtak vart fatta:

«APM- 041/22 Vedtak:

Saka blir utsett i påvente av synfaring.»

Planframlegget vart samrøystes vedteke.

Utval for areal, plan og miljø (APM) var på synfaring før møtet tok til den 20.04.2022.

Klage på planvedtak - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804 vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 20.04.2022 med saknr. 058/22, der følgende vedtak vart

fatta:

«APM- 058/22 Vedtak:

Innstilling i APM - 20.04.2022:

Klagen vert delvis teke til følgje. Før det vert gjeve bruksløyve / ferdigattest til gang og sykkelveg så skal undergang for mjuke trafikkantar i Fyllingsneskrysset vere ferdig bygd og fått bruksløyve / ferdigattest. Hovedformålet med prosjektet er å sikre mjuke trafikkantar og ein undergang vil bygge opp under dette målet.”

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå Utval for areal, plan og miljø (APM) vart handsama av Alver kommunestyre (KO) i møte den 19.05.2022 med saknr. 068/22, der følgjande vedtak vart fatta.:

«KO- 068/22 Vedtak:

Kommunestyret tar klagen delvis til følge.

Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuke trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset.»

Handsaming KO 19.05.2022:

Laila Bjørge ba om habilitetsvurdering, som saksbehandlar i denne saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ho er ugild i denne saka. Leif Taule møtte som vara.

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø fekk ingen røyster og fall.

Framlegg frå M.Andvik-KRF:

Kommunestyret tar klagen delvis til følge.

Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuke trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtaket frå KO den 19.05.2022 er blitt påklaga av SVV. Det er klagen frå SVV, på vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang, som no vert handsama i møte for APM den 07.12.2022 med innstilling til KO. Marie og Steinar Fyllingsnes – gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma, har kome med tilsvar til klagen.

Møte mellom SVV og Alver kommune

Det har vore møte mellom SVV og Alver kommune (administrasjon og politisk leiar frå APM) den 06.09.2022 då SVV fant vedtaket upresist og det var behov for avklaring.

Det var gjort følgjande avklaringar av vedtaket frå KO av 19.05.2022:

KO- 068/22 Vedtak:

Kommunestyret tar klagen delvis til følge.

Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuge trafikantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset.

Punkt	Sak	Ansvar/Frist
	Agenda: 1) Gjennomgang av vedtaket 2) Avklaringer og diskusjoner med formål å konkretisere utformingen	

1	Innledning med en kort gjennomgang av vedtaket. SVV viser hvilke formuleringer som er upresise. Det står « <i>Planen godkjennes på vilkår av at:</i> ». Dette oppfatter SVV som at AK mener at de punktene som er nevnt som vilkår lar seg realiserer innenfor gjeldende arealplan. Det er ikke SVVs oppfatning, så vi har sett behov for å få konkretisert vilkårene.	
2	Diskusjon og avklaring: <ul style="list-style-type: none"> «Mjuge trafikantar må sikrast trygg veg fram til undergang i plan»: Diskusjon i møtet. Alver kommune 	
	presiserer at gruset trase/gangareal på 1 m ikke er tilstrekkelig. Det viktige i vedtaket er at gående får en trygg vei, og Alver kommune ber SVV om å visualisere det på plankartet, og beskrive hvordan det kan gjennomføres. Gangarealet på sørsiden antas å være en midlertidig løsning frem til Fyllingsnes-området blir utbygd med blant annet nytt veisystem. <ul style="list-style-type: none"> Alver kommune avklarer at «...sikrast trygg veg» må forstås som at gangarealet skal etableres samtidig med resten av GS-vegen. «Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset»: Alver kommune presiserer at de ikke krever at det skal etableres en undergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset, men at intensjonen med vedtaket er at kommunestyret ønsket at SVV vurderer på nytt mulighet for en undergang for beitedyr/ gående. Alver kommune avklarte i møtet at de ønsker at SVV skal ha en dialog med klager ang undergang, selv om kommunen ser at det vanskelig lar seg realisere. 	

Stadfesting frå SVV – ingen dialog/forhandlingar

Sist er det mottatt stadfesting frå SVV den 27.11.2022 om dei ikkje vil ha dialog eller forhandlingar med Marie og Steinar Fyllingsnes om alternativ for landbruksundergang – gbnr 214/1:

«Pga planens status og mulige utfall av saksbehandlingen kan ikke Vegvesenet gå i diskusjon eller forhandling med klager.»

Føremålet med reguleringsplanen

Det er Statens vegvesen som har fremja reguleringsplan for E39 frå Vikane til Eikangervåg. Hovudføremålet er å regulere ny gang- og sykkelveg på strekninga. Reguleringsplanen legg vidare opp til generell utbetring av trafikktryggleik i området gjennom å sikre areal til forsterka midtoppmerking på E39 og utbetring av kryss og avkøyrslar langs strekket.

E39 Vikane - Eikangervåg ligg inne som prosjekt nr. 17 i Nordhordlandspakken.

E39 Vikane - Eikangervåg er ein trafikkert veg med høg fartsgrense. Opparbeiding av gang- og sykkelveg langs strekket gjer barn moglegheit til å ferdast trygt til og frå aktuelle målepunkt i området. Generelt styrkar gang- og sykkelveggar folkehelsa fordi det vert meir attraktivt å gå eller sykle til eks. kollektivtilbod.

Hovudmålet med planen er å auka trafikksikkerheita og å auke talet på mjuke trafikantar langs denne strekninga. Køyrevegen vert utbetra med breiare køyrefelt i begge retningar, asfaltert skulder og god breidde på grøfter. Eksisterande kryss og avkøyrslar langs tiltaket vil bli oppgradert, lagt om eller sanert. Det vert etablert eit separat, gjennomgåande tilbod for gåande og syklande, der ein rabatt og/eller rekkverk held dei mjuke trafikantane skild frå køyrevegen. Kollektivhaldeplassar vert oppgradert og justert med tanke på utforming og plassering. Framkome til haldeplassane er sikra med fortau/gang- og sykkelveg, tilrettelagt kryssingspunkt og planskild kryssing av E39. Planframlegget inkluderer nytt kryss til utbyggingsområde på Fyllingsnes i tråd med Lindås kommunestyre sitt vedtak om plassering av ny Eikanger skule.


Tiltaka i plan vil gje konsekvensar for omgjevnadane som grensar til utbygginga i form av arealinngrep på private eigedomar, endra køyremønster, påverknad på vegnære kulturminne og vegkantflora. Realisering av planframlegget vil mellom anna føre til at ein einebustad må løysast inn og sanerast; Osterfjordvegen 1160.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframstilling til 1. gongs handsaming i PMU samt planframlegg til 2. gongs handsaming i APM og KO, som ligg vedlagt saka.

Kart/foto



Utsnitt gbnr 214/1



Klagegrunnar og tilsvar

Statens Vegvesen har påklaga vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang. Harris Advokatfirma AS har kome med tilsvar til klagen.

Kvifor Statens Vegvesen klagar på vilkåra

Statens vegvesen klagar på Alver kommune sitt vedtak av 19.05.2022 med bakgrunn i sakshandsamingsfeil knytt til manglande utgreiing av vedtatt løysing, jf. forvaltningslova §17. Vegvesenet ber om at vedtaket av 19.05.2022 vert oppheva og at plan ID 1 263201 804 vert ståande som vedtatt reguleringsplan.

Dei presiserer at sakshandsamingsfeil var først synleg på tidspunktet for siste vedtak i saka. På høyringstidspunktet låg det ikkje føre motstrid eller synlege feil som gav vegvesenet grunnlag for å fremje motsegn.

Vidare stiller Statens vegvesen spørsmål om Alver kommune ser på plan med ID 1 263201 804 som vedtatt, når de nemnde vilkåra ikkje kan realiserast innanfor juridiske plangrenser, jf. ordlyden i vedtaket; «...Plan godkjennes på vilkår av at ...

Dei ynskjer dialog med Alver kommune for å få til ei tilstrekkeleg løysing for eit gangareal på sørsida av E39 frå Fyllingsneskrysset til undergangen ved bensinstasjonen innafor juridisk plangrense som ligg i plan ID 1 263-201 804 vedtatt juni 2021 .

Kvifor Harris Advokatfirma har kome med tilsvar

Harris Advokatfirma AS, på vegne av Marie og Steinar Fyllingsnes – gbnr 214/1, anmoder Alver kommune primært om å utsette handsaming av klage frå Statens vegvesen til det har vore dialog mellom vegvesenet og Fyllingsnes om alternativ for landbruksundergang.

Subsidiært anmoder dei Alver kommune om å stille krav til opparbeiding av gang- og sykkelveg som vist på skisse 1 vedlagt vegvesenet si klage. Opparbeiding må også sikrast med rekkefølgekrav.

Heimel for vedtak med vilkår

Harris opplys at forvaltningslova (fvl) § 33 gir kommunen heimel til å oppheve eller endre eit vedtak viss den finn at klaga er grunngeve. I denne saka fann kommunen v/Utval for areal, plan og miljø grunnlag for ei synfaring i området på bakgrunn av klage frå Fyllingsnes. Då såg dei utfordringane og konsekvensane som vedteken plan ville få for området, og på bakgrunn av dette valte kommunen å ta klaga til følge med heimel i fvl § 33. Dette er i samsvar med den kompetansen kommunen har til å ta ei klage til følge etter fvl § 33.

Vilkåra i vedtaket

Det er satt vilkår i vedtak frå KO om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang. Statens Vegvesen meiner at vilkåra i vedtaket er upresise med tanke på kva tiltak kommunen krev at skal etablerast. Kommunen ikkje har vurdert tilstrekkeleg:

1. Om det er mogeleg å gjennomføre tiltaka vilkåra omhandlar, innanfor juridisk plangrense.
2. Det er ikkje gjort utgreiingar eller lagt fram teikningar som viser at kommunestyret sitt vedtak er teknisk mogeleg å gjennomføre.
3. Det er heller ikkje vurdert om dei aktuelle tiltaka vil krevje reguleringsendring og i kva grad ei eventuell reguleringsendring vil påverke framdrift og dei økonomiske rammene knytt til Statens vegvesen si gjennomføring av dette vegprosjektet.

Utgreiing av undergang

Harris viser til skrivet frå Alver kommune av 01.03.2022, der kommunen bad om meir utgreiing om undergang.

Statens Vegvesen svarte kommunen den 10.03.2022 om at ei eventuell ny utgreiing av landbruksundergang ved Fyllingsnes vil verte eit omfattande arbeid. Mellom anna vil dette krevje grunnundersøkingar, innmålingar, vegplanlegging, vurdering av grunnnerv, vurdering av konstruksjonar, utvida overvasshandtering, fråvikssøknad og nytt anslag.

Kommunedirektøren viser til at slik utgreiing ikkje ligg føre i saka. Det er heller ikkje gitt ein oversikt på noverande tidspunkt om kven som blir direkte berørt av endringa i planen, herunder kven som har eigedomar som grenser opp mot arealet og kven som må avstå grunn (grunnnerv) til tiltaka, verken dei direkte berørte innanfor planen og de som eventuelt er utanfor planen sine juridisk grenser.

Statens Vegvesen meiner at manglande utgreiinga i forkant av vedtaket frå Alver kommune v/kommunestyret si side (pkt. 1-3) representerer ein sakshandsamingsfeil, jf. Forvaltningslova §17. (forvaltningsorganets utrednings- og informasjonsplikt).

Harris har eit anna syn. Dei er av den oppfatning at det er Statens Vegvesen som skal stå for denne utgreiinga. Viss prosjekteringsgrunnlaget hadde vist at ein landbruksundergang faktisk ikkje let seg gjennomføre, så ville kanskje kommunestyret ha fatta eit vedtak som ikkje stilte krav til undergang. Harris meiner at det ikkje kan leggest til grunn at manglande utgreiing er sakshandsamingsfeil etter fvl § 17 når det var vegvesenet sjølv som nekta å gjere nødvendig utgreiing for å avklare spørsmålet. Det er ikkje er kommunen som har ansvaret for å gjere nødvendig utgreiing i planarbeid.

Vidare viser Harris til at kommunen ikkje er ansvarleg for å prosjektere grunnlag for ein reguleringsplan. Dette er det opp til forslagsstillar å gjere. Kommunen kan stille vilkår, og så blir det opp til forslagsstillar å prosjektere og vurdere om vilkåra kan oppfyllest. Eit vilkår kan vere ugyldig for det tilfellet at det ikkje let seg gjennomføre. Det er ikkje tilfelle i denne saka.

Oppsummert viser kommundirektøren til at Statens Vegvesen og Harris er ueinige om ei utgreiing, slik Statens Vegvesen viser til i pkt. 1-3 er naudsynt på tidspunktet for vedtak, og kven som har ansvaret for ei slik utgreiing.

Vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang

Statens Vegvesen viser til gangareal på sørsida av E39 og møtet med representantar frå Alver kommune den 06.09.2022 om at dei ynskjer et tilbod som kan vedlikeholdas vinterstid. Statens vegvesen kan ikkje sjå at dette er mogeleg å realisere innanfor plangrensene og meiner derfor at det ikkje kan setjast vilkår om breiare gangareal innanfor dagens juridiske plangrense.

Harris viser til at kommunen stilte vilkår om at mjuke trafikantar må sikrast trygg tilkomst frå Fyllingsnesvegen til regulert undergang i plan. Korleis vegvesenet skulle løyse dette, var ikkje sagt. Det var heller ikkje nødvendig. Slik vilkåret er stilt, overlet kommunen til vegvesenet å endre planen i slik grad at mjuke trafikantar får ein trygg tilkomst. Vegvesenet skriv i sin klage at kommunen har stilt vilkåret utan å gjere utgreiingar eller legge fram teikningar som viser at vedtaket er teknisk mogleg å gjennomføre.

Vidare viser Statens Vegvesen til at det er vedtatt ein tilgrensande plan, PlanID 1 263-200807, som tek i vare mjuke trafikantar frå Fyllingsnes til undergang ved bensinstasjonen. Kommunen sine representantar gav i møtet uttrykk for at gangarealet kan vere ein mellombels løysing fram til nytt vegsystem er bygt.

Harris kan ikkje sjå kva relevans denne tilgrensande planen har for tilkomsten for mjuke trafikantar ved Fyllingsneskrysset.

Kartet under viser plassering av reguleringsplanen for Fyllingsnes som vegvesenet viser til, mot aust, medan Fyllingsneskrysset er markert mot vest som er vedlagt tilsvaret frå Harris.



Harris stiller spørsmål om mjuke trafikantar vest på Fyllingsnes skal gå heile Fyllingsnesvegen rundt og opp til regulert gang- og sykkelveg i reguleringsplan for Fyllingsnes for å gå under E39 for å komme til busshaldeplass mot Knarvik. Det seier seg sjølv at ingen vil ta den omvegen.

Vilkår om dialog om etablering av landbruksundergang

Statens Vegvesen vil ikkje ha dialog eller forhandlingar med Marie og Steinar Fyllingsnes om alternativ for landbruksundergang – gbnr 214/1 slik det går fram av deira stadfesting av 27.11.2022. Dette pga. «planens status og mulige utfall av saksbehandlingen kan ikkje Vegvesenet gå i diskusjon eller forhandling med klager.»

Nå det gjeld sjølve landbruksundergangen, så kan ikkje Statens vegvesen sjå at ein eventuell landbruksundergang ved Fyllingsneskrysset kan realiserast utan ei planendring.

Statens Vegvesen meiner at det ikkje skal setjast vilkår om etablering av landbruksundergang ved Fyllingsneskrysset. I planarbeidet har dei vurdert ei heilskapleg løysing opp mot dagens bustadsituasjon og framtidig utbygging, og planen legg til rette for undergang ved bensinstasjonen som vi meiner er den mest fornuftige plasseringa. Det er tidlegare vurdert at det vil vere mest hensiktsmessig å etablere undergang ved bensinstasjonen på grunn av nærleik til busslommer og planlagd byggjefelt, med potensielt mange mjuke trafikantar. Når det nye byggefeltet vert etablert er det sannsynleg at fleirtalet av gåande og syklande vil nytte den nye kommunale vegen frå Fyllingsneset skrått opp til bensinstasjonen. Mjuke trafikantar frå Fyllingsneset vil få eit gangareal sør for E39 mot undergang/busslommer som kan nyttast om dei ikkje vil krysse E39 direkte. Sikta i krysset vil bli utbetra etter gjeldande krav i handbok N1 00.

Statens Vegvesen viser til topografiske forhold på staden i relasjon til landbruksundergang. Når det gjeld landbruksundergang ved Fyllingsneskrysset, så er terrenget i området svært utfordrande med tanke på å etablere ein kulvert, men også med tanke på trafikkavvikling i anleggstida; bratt og ulent skråning mot sjø og fjell tett på veg på motsett side. Statens vegvesen har lagt fram at terrenget ved Fyllingsneskrysset er utfordrande med tanke på undergang og at dette medfører behov for tidlegare nemnte tiltak. (Mellom anna grunnundersøkingar, innmålingar, ny vegplanlegging meir grunnverv, konstruksjonar utvida overvasshandtering, fråvikssøknad og nytt anslag.) Samla sett vil ein undergang medføre auka kostnader og utsett framdrift av prosjektet. Pr. i dag har Statens vegvesen ikkje finansiering som dekker kostnadane.

Harris viser til Statens vegvesen sine opplysningar om at ein undergang vil medføre auka kostnader og utsatt framdrift av prosjektet, og at dei pr. i dag ikkje har finansiering til å dekke kostnadane med dette tiltaket. Det er ønskeleg, frå Inger Marie og Steinar Fyllingsnes si side, å diskutere andre alternativ for å løyse utfordringa med å frakte dyr frå eigedomen sør til nord for E39. Det er ønskeleg å utsette sak fram til det er gjort

nødvendig avklaring mellom Fyllingsnes og vegvesenet.

Det vert vist til klagen og tilsvaret i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Pbl § 1-9 tredje ledd om innsigelse gjeld ved vedtak av plan etter pbl § 12-12. Det vi står overfor no er eit nytt enkeltvedtak i samband med klagehandsaming, og SVV har klagerett etter fvl § 28, jf. fvl. §33.

Statens Vegvesen og Harris er ueinige om ei utgreiing, slik Statens Vegvesen viser til i pkt. 1-3 er naudsynt på tidspunktet for vedtak, og kven som eventuelt har ansvaret for ei slik utgreiing. Kommunedirektøren kan vanskeleg konkludere på dette spørsmålet, men det illustrerer at vilkåra har store konsekvensar for gjennomføringa av planen både kostnadmessig, i høve vesentlege terrenginngrep og korleis grunneigarar vert berørt, både direkte og indirekte, av planen si gjennomføring.

Vurdering av vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang

Løysing for gangareal på sørsida er SVV villig til å ha dialog kring, men det er viktig med presisering i relasjon til avklaring av nivå/kvalitet på gangarealet.

Vurdering av vilkår om dialog om etablering av landbruksundergang

Statens Vegvesen er klar på at dei ikkje vil ha dialog eller forhandlingar med Marie og Steinar Fyllingsnes om alternativ for landbruksundergang – gbnr 214/1. Kommunedirektøren ser difor at moglegheita for dialog er bortfalt.

Det som da gjenstår er å sjå på sjølve etableringa av landbruksundergangen. Landbruksundergangen vil etter Statens Vegvesen sitt syn hindre planens gjennomføringsevne. Kostnadmessig har dei ikkje finansiering til å dekke planen slik den opprinneleg var vedtatt utan vilkår. Dei viser til at «Samla sett vil ein undergang medføre auka kostnadar og utsett framdrift av prosjektet. Pr. i dag har Statens vegvesen ikkje finansiering som dekker kostnadane.». Finansiering for opparbeiding av undergang vil ytterlegare vanskeliggjere finansiering av prosjektet og planen sin gjennomføringsevne er i enda større grad vanskeleggjort.

I tillegg så kan planens gjennomføringsevne ha betydning for andre parter i planen og andre som blir direkte berørte av planen. En utbygging av E39 vil innebere ein betre veg og betra forhold for både næringsdrivande og private. Deira eigne planar kan avhenge av at E39 utbygginga Vikane – Eikangervåg vert gjennomført. Dette er ei forventning som har ei side til forutberegnelighet for Alver kommune sine innbyggjarar og næringsdrivande. Det at vi har eit godt utbygd og moderne vegnett, som inviterer folk til å bu og drive verksemd i vår kommune, er viktig å få etablert.

Vidare stiller Statens Vegvesen spørsmål om Alver kommune ser på plan med ID 1 263201 804 som vedtatt, når de nemnde vilkåra ikkje kan realiserast innanfor juridiske plangrenser, jf. ordlyden i vedtaket; «...Plan godkjennes på vilkår av at ...

Isolert sett vil det å sette vilkår om gjennomføring av tiltak utanfor planen sine juridiske grenser vere problematisk iht. til kriteria nødvendighet og proporsjonalitet. I Mortensruddommen frå 2021 var det satt som vilkår frå Oslo kommune, som vart stadfesta av Statsforvaltaren, om at utbygger av eit bustadområde måtte opparbeide og bekoste ein natursti utanfor planområdet. Vilkåret var ugyldig iht. til kriteria nødvendighet og proporsjonalitet. Utbygger fekk her tilbakebetalt frå Oslo kommune den kostnad han hadde hatt for å opparbeide naturstien utanfor planområdet da naturstien ikkje var nødvendig og ikkje ansett å oppfylle kravet til proporsjonalitet. Høysterettsdommen er ansett å vere konkret og gir truleg svar på eit rekkefølgevilkår i dette konkrete tilfellet slik at overføringsverdien til andre plansaker er noko avgrensa.

Kommunedirektøren ønskjer med Mortensruddommen å illustrere at kommunen sitt frie forvaltningskjønn, til å sette vilkår i plan, er bundet opp av rettsleg rammer om nødvendighet og proporsjonalitet. Det er krav

til at vilkår må gjennomgå ein grundig vurdering i det konkrete tilfellet for så å ta eit standpunkt til om vilkår er gyldige.

Dertil kommer planens gjennomføringsevne, det at planen faktisk kan realiserast, med henblikk på finansiering. I tillegg kommer inngrep overfor andre berørte grunneigarar i planområdet samt kommunen sin nytte av planen.

Konklusjon – klage frå Statens Vegvesen

Det er kommunaldirektøren si vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

“Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.”

Merknad frå part i planen

Det er mottatt fleire merknader frå part i kraft å vere grunneigarar i planområdet av 25.11.2022.

Deira merknader vert ikkje tatt med i sjølve klagevurderinga. Merknadene er heller ikkje oversendt Marie og Steinar Fyllingsnes grunneigarar av gards- og bruksnummer - gbnr 214/1, representert av Harris Advokatfirma AS, til uttale då merknadene ikkje er ein sjølvstendig klage, men lagt ved noverande saksframlegg til orientering om moglege framtidige konsekvensar av tilleggsvilkår til vedtatt plan.

Merknadene av 25.11.2022 lyder som følgjer:

«Det vises til klage fra Statens Vegvesen (SVV) datert 11.10.22. Alver Tomteselskap (AT) og Fyllingsnes Utvikling (FU) støtter de innsigelser som fremmes i klagen. Vi vil nedenfor redegjøre ytterligere for vårt syn.

Formelt skulle vi dessuten - som parter i saken - etter forvaltningsloven vært varslet om klagen. Vi tillater oss derfor alternativt å påpeke innvendinger i dette brevet.

Kort oppsummert ble detaljreguleringsplan for E39 - Vikane - Eikangervåg (PlanID 1263201804) vedtatt 24.06. 2021. Nytt vedtak ble imidlertid fattet 19.05.2022 som et resultat av klage fra grunneier som ønsker seg landbruksundergang. Dette ønsket var Alver kommune kjent med da det opprinnelige vedtaket ble fattet. På tross av dette velger Alver kommune å tillate "ekstraomganger" og fatter, ifølge SVV, et både feilaktig og upresist vedtak 19.05.2022.

Vi har ikke kompetanse på det som blir beskrevet som feilaktig fra SVV, men legger til grunn at SVV har innsikt i gjeldende lover og regler. Det upresise i vedtaket knytter seg til formuleringen: "*Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere en landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset*". Setningen ber om dialog, men forutsetter ikke et endelig mål knyttet til dialogen. Samtidig kan den tolkes som at dialogen skal ha som formål å få etablert en landbruksundergang før prosjektet realiseres. Når vi støtter klagen fra SVV er det spesielt med bakgrunn i at de forhold som blir tatt opp 19.05.2022 ikke representerer noe nytt i relasjon til saksgangen fra det opprinnelige vedtaket datert 24.06.2021.

AT og FU er parter i ovennevnte sak og vi må legge til grunn at reguleringsprosessene i Alver

kommune skjer på en tillitsfull og forutsigbar måte. Dette impliserer åpenhet ved at partsinteresser og befolkningen har anledning til å fremme innspill i forkant av den politiske behandlingen. I vedtaket datert 19.05.2022 foreligger det som nevnt ingen ny informasjon og vedtaket representerer i sin nåværende form en helt unødig utsettelse av prosjektet og i verste fall terminering av prosjektet. Prosjektet er praktisk talt blitt forsinket som følge av den nye politiske behandlingen som er gjenstand for klage, og som til overmål var en del av beslutningsgrunnlaget i det opprinnelige vedtaket. Vi ber derfor, i likhet med SVV, om at vedtaket datert 19.05.2022 oppheves og at det opprinnelige vedtaket datert 24.06.2021 blir stående som det gjeldende.»

«Alver Tomteselskap AS er part i saken på grunn av at reguleringsplanen berører tomteselskapets eiendom gnr/bnr 214/225 i Alver kommune. Dette da realisasjon av planen forutsetter grunnerverv på denne eiendommen.

Tilsvarende gjelder også for Fyllingsnes Utvikling AS, eier av gnr.214, bnr.213 og gnr.214, bnr.230 i Alver kommune, hvor planen også forutsetter grunnerverv.

For øvrig viser vi til merknadene nedenfor hvor det fremgår at vi støtter Statens Vegvesen sin klage fullt ut, men vårt støtteskriv er ingen selvstendig klage på vedtaket.»

«Eiendommene til Alver Tomteselskap AS og Fyllingsnes Utvikling AS vil trolig ikke være gjenstand for grunnerverv for å kunne realisere disse tiltakene.

Når det er sagt har Alver Tomteselskap AS fått gjennom godkjent reguleringsplan fra 2008 for sin eiendom. Tilsvarende foreligger det plan for Fyllingsnes Utvikling AS. Felles for begge parter er at realisering av egne planer er avhengig av at SVV får gjennomført sine planer i PlanID 1263201804. Kommunens tilføyelse i vedtak KO-068/22 den 19. mai 2022 medfører som SVV påpeker i sin klage usikkerhet for hele gjennomføringen av tiltaket.

«Som påpekt tidligere er ønsket fra Alver Tomteselskap AS og Fyllingsnes Utvikling AS å signalisere at de stiller seg bak klagen fra Statens vegvesen, slik at planen godkjennes i sin opprinnelige form.»

Kommentar frå kommunedirektøren si side

Alver Tomteselskap AS og Fyllingsnes Utvikling AS har fremma merknader til klagen frå Statens Vegvesen - sak 20/1999. Spørsmålet er om merknadene skal kunne tillatast fremma.

Alver Tomteselskap AS og Fyllingsnes Utvikling AS er part i vedtatt plan. Dei har stadfesta at dei ikkje vil være direkte berørt av tiltaka landbruksundergang og sikring av trygg veg fram til undergang. Dette fordi eigedomane deira truleg ikkje vil være gjenstand for grunnerverv for å kunne realisere tiltaka. Isolert sett kan dei ikkje fremme merknad til klagen frå Statens Vegvesen, jf. forvaltningsloven (fvl.) kap.VI, eller at desse partane skal varslast om vedtatte endringar i klageomgangen.

Derimot påpeker dei et viktig poeng om kven som skal varslas om vedtatt planendring i klageomgangen med det formål å kunne fremme og sikre interesser. Utgangspunktet er at ved endring av plan i en klageomgang, vil grunneigar, festar, servitutthavar m.fl., som er direkte berørt av endringa i planen i relasjon til landbruksundergang og sikring av trygg veg fram til undergang, ha krav på varsel om endring i plan.

Dette baserer seg på pbl. §12-14 om at endring av reguleringsplan gjedler samme bestemmelser som ved utarbeiding av ny plan, varslingsreglene om planforslag for «direkte berørt» etter plan- og bygningsloven (pbl.) §12-10 andre ledd, jf. føremålsbestemmelse i pbl. §1-1 fjerde ledd som skal sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad ved planlegging og vedtak samt kommunen sitt ansvar for medverknad etter pbl. § 5-1, jf. forvaltningslovens §17 om å opplyse saken så godt som mogleg. Dette er ikkje gjort i klageomgangen overfor de direkte berørte parter i relasjon til landbruksundergang og sikring av trygg veg fram til undergang.

Grunnen er at det ikkje gitt en oversikt på noverande tidspunkt om kven som blir direkte berørt av endringa i

planen, herunder kven som har eigedomar som grenser opp mot arealet og kven som må avstå grunn (grunnerverv) til tiltaka, verken dei direkte berørte innanfor planen og de som eventuelt er utanfor planen sine juridisk grenser. Det kan da stilles spørsmål om varslingsreglene og lovens føremålsbestemmelse for planendring er ivare tatt når kommunen skal ta stilling til klagen frå Statens Vegvesen.

Videre visast det til planens gjennomføringsevne som vil påverke samtlige parter og således kunne være et objektivt argument som kan påberopast av samtlige parter i planen. Slik Alver Tomteselskap AS og Fyllingsnes Utvikling AS opplyser, så kan planens gjennomføringsevne ha betydning for deira planer. Det kan da stilles spørsmål om samtlige av planens sine parter burde ha vært varsla om klagen. Moglegheita til medverknad og til å bli høyrte om en planendring i klageomgangen støttes av juridisk teori med en «bør» regel om at alle parter i saken varslast om klagen. Dette standpunktet inneberer at samtlige parter i planen blir varsla om planendinga i klageomgangen og gis moglegheit til å påklaga denne. Med ein meir til det mindre betraktning, vil merknader til klage frå part i plan kunne tillatast fremma.

Med bakgrunn i pbl. §12-14 om at endring av reguleringsplan gjedler samme bestemmelser som ved utarbeiding av ny plan, varslingsreglene om planforslag for «direkte berørt» etter plan- og bygningsloven (pbl.) §12-10 andre ledd, jf. føremålsbestemmelse i pbl. §1-1 fjerde ledd som skal sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad ved planlegging og vedtak samt kommunen sitt ansvar for medverknad etter pbl. § 5-1, jf. forvaltningslovens §17 om å opplyse saken så godt som mogleg, leggest merknadene ved saksframlegget, men utan å vere ein direkte del av sjølve klagevurderinga. Dette fordi Harris på vegne av Fyllingsnes ikkje er gitt moglegheita til kontradiksjon (moglegheita til å motsi). Merknaden er mottatt på eit så seint tidspunkt i handsaminga av klagen at det ikkje var mogleg å oversende desse til Harris for uttale, ei heller Statens Vegvesen.

GENERELL INFORMASJON

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunnjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensingar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestsatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestsatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven §

Vedlegg i saken:

20.05.2022	Klage på planvedtak med utgreiing av undergang - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804	1701520
02.03.2022	Bestilling av utgreiing frå Statens Vegvesen - undergang - sak 20/1999 - E39 Vikane - Eikangervåg	1700658
02.09.2021	Supplerande klageskriv - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg	1604847
02.09.2021	Uttale frå landbruksavdeling som gjeld vedteken plan for E39 Vikane - Eikangervåg og nødvendig tilkomst til Fyllingsnes si slåttemark, skogsareal og beiteareal på gbnr. 214_1 nord for E39.	1604848
12.08.2021	Klage_over_planvedtak_-_REGULERINGSPLAN_FOR_E39_VIKANE_-_EIKANGERVÅG	1596658
12.08.2021	Brev_til_Statens_Vegvesen_13_07_18_-_merknad_E39_Vikane_-_Eikangervåg_saksnr_17_23022	1596659
14.02.2022	Klage på planvedtak - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804	1677173
11.01.2022	Klage på vedtak - reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - gbnr 21492 (L)(471734)	1671031
12.08.2021	Klage over planvedtak - reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg	1596657
11.08.2021	Klage vedrørende kunngjøring av vedtatt reguleringsplan for E39	1596290
11.08.2021	Alver Kommune-klage-reguleringsplanE39	1596291
11.08.2021	Radu - kart over vegutbygging	1596292
19.07.2021	Kommentar til Reguleringsplan for Vikane -Eikangervåg	1591074
05.07.2021	Klage på reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg – Melding om planvedtak	1586305
01.07.2021	Kunngjøring av vedtatt reguleringsplan	1581990
28.06.2021	Detaljregulering for E39 Vikane - Eikangervåg, 2. gongs handsaming	1555920
27.05.2021	1_Planomtale E39 Vikane-Eikangervåg	1562911
27.05.2021	2_Reguleringsføresegner E39 Vikane-Eikangervåg	1562912
27.05.2021	3_Reguleringsplankart E39 Vikane-Eikangervåg	1562913
27.05.2021	4_Merknadsskjema E39 Vikane-Eikangervåg	1562914
27.05.2021	5_Konsekvensvurdering kulturarv E39 Vikane-Eikangervåg	1562915
27.05.2021	6_Konsekvensvurdering naturmangfald E39 Vikane-Eikangervåg	1562916
27.05.2021	7_Kulturminnerapport E39 Vikane-Eikangervåg	1562917
27.05.2021	8a_Geologisk rapport E39 Vikane-Eikangervåg	1562918
27.05.2021	8b_Geologisk rapport vedlegg E39 Vikane-Eikangervåg	1562919
27.05.2021	9_Miljøgeologi E39 Vikane-Eikangervåg	1562920
27.05.2021	10_Geoteknikk E39 Vikane-Eikangervåg	1562921
27.05.2021	11_Støyvurdering E39 Vikane-Eikangervåg	1562922
27.05.2021	12_Tekniske_vegteikningar E39 Vikane-Eikangervåg	1562923
27.05.2021	13a_VA-rammeplan E39 Vikane-Eikangervåg	1562924
27.05.2021	13b_VA-rammeplan - G001 E39 Vikane-Eikangervåg	1562925
27.05.2021	13c_VA-rammeplan - G002 E39 Vikane-Eikangervåg	1562926
27.05.2021	13d_VA-rammeplan - G003 E39 Vikane-Eikangervåg	1562927
27.05.2021	14_PMU Vedtak E39 Vikane-Eikangervåg	1562928
31.01.2022	Klagehandsaming - Reguleringsplan for E39 vikane - PlanID 1263201804	1679935
14.03.2022	Svar på bestilling av utgreiing fra Statens vegvesen av - undergang- sak 201999	1706112

02.09.2021	Supplerande klageskriv i sak som gjeld klage på reguleringsplan for E39 Vikane-Eikangervåg	1604846
31.01.2022	E-post korrespondanse - Stadfestar klage - Reguleringsplan for E39 vikane - PlanID 1263201804	1679936
09.09.2021	Svar på E39 Vikane-Eikangervåg - Klage på vedteken plan	1607655
15.03.2022	Merknad_til_Statens_vegvesen_sitt_brev_-_reguleringsplan_for_E39_Vikane-Eikangervåg	1708243
12.10.2022	Klage på forvaltningsvedtak - E39 Vikane Eikangervåg - Alver kommune – Behandling av klage på PlanID 1263-201804	1817231
12.10.2022	KOMMENTARAR TIL SKISSER.PDF	1817232
12.10.2022	Skisse 1 C101 C102.PDF	1817233
12.10.2022	Skisse 2 C103 C104.PDF	1817234
22.09.2022	Svar på førespurnad om ytterlegare utvida frist innan 14.10.2022 for supplerung av klagen - E39 Vikane Eikangervåg - sak 20/1999	1807214
09.09.2022	Referat fra møte med Statens Vegvesen - E39 Vikane Eikangervåg diskusjon av klagevedtak	1797687
22.06.2022	Svar frå kommunen på e-post av 21.06.2022 - E39 Vikane Eikangervåg	1759528
21.11.2022	Merknad til klage frå Statens vegvesen - Reguleringsplan for E39 Vikane Eikangervåg	1839342
29.11.2022	Mortensruddommen - Norges Høyesterett - Dom - HR-2021-2364-A	1840120
28.11.2022	Stadfesting om behandling i APM møte 07.12.2022 med merknad - sak 20/1999 - Reg.plan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804	1842457
27.11.2022	Merknad til klage frå Statens Vegvesen frå part - sak 20/1999	1842477

Arkiv: <arkivID><jplID>
PlanID-
125620160010,
Plannavn-Plansak
Detaljregulering for
fv. 564 Fløksand-
Vikebø, Komnr-4631,
FA-L13

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 29.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
161/22	Utval for areal, plan og miljø	07.12.2022
185/22	Alver kommunestyre	15.12.2022

Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø - PlanID 1256-20160010

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Dei 7 klagane frå grunneigarane i planområdet i sak 20/8340 på Alver kommunestyre sitt vedtak KO-079/22, datert 16.06.2022, om vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2+B3 for fv. 564 Fløksand – Vikebø, blir vurdert slik:

1. Klagen frå Gunnar Klemet Bøe blir ikkje tatt til følgje.
2. Klagen frå Turid Larsen Østerby blir tatt til følgje;
 - Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «»f_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.
3. Klagen frå Arne Gunleiv Haugsvær blir tatt delvis tatt til følgje;
 - 3.1. Klagen i relasjon til naust blir ikkje tatt til følgje.
 - 3.2. Klagen i relasjon tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget blir tatt til følgje;
 - Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.
4. Klagen frå Gunn Margareth og Arne Haugsvær blir ikkje tatt til følgje.
5. Klagen frå Bente Fløisand-Larsen blir ikkje tatt til følgje.
6. Klagen frå Scholz med fleire blir ikkje tatt til følgje.
7. Klagen frå Johannes Romstad blir ikkje tatt til følgje.

Vedtaket frå KO-079/22, datert 16.06.2022, om val av alternativ A2, vert oppretthalden:

Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.

Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørestøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunnjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:

Handsaming:

Framlegg frå Anne Grete Eide-Ap:

Alternativ A1

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A1+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 21.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 21.12.2021.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Jogeir Romarheim-Krf, Jon Vidar Sakseide-Krf, Anne Grete Eide-Ap)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster (Vigdis Villanger-Sp, Kenneth Murberg-H, Henning Fyllingsnes-H, Heine Fyllingsnes-H, Sveinung Toft-V)

APM- 161/22 innstilling:

Dei 7 klagane frå grunneigarane i planområdet i sak 20/8340 på Alver kommunestyre sitt vedtak KO-079/22, datert 16.06.2022, om vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2+B3 for fv. 564 Fløksand – Vikebø, blir vurdert slik:

1. Klagen frå Gunnar Klemet Bøe blir ikkje tatt til følgje.
2. Klagen frå Turid Larsen Østerby blir tatt til følgje;

· Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «»f_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.

3. Klagen frå Arne Gunleiv Haugsvær blir tatt delvis tatt til følgje;

3.1. Klagen i relasjon til naust blir ikkje tatt til følgje.

3.2. Klagen i relasjon tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget blir tatt til følgje;

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.

4. Klagen frå Gunn Margareth og Arne Haugsvær blir ikkje tatt til følgje.

5. Klagen frå Bente Fløisand-Larsen blir ikkje tatt til følgje.

6. Klagen frå Scholz med fleire blir ikkje tatt til følgje.

7. Klagen frå Johannes Romstad blir ikkje tatt til følgje.

Vedtaket frå KO-079/22, datert 16.06.2022, om val av alternativ A2, vert oppretthalden:

Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.

Før kunningjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørstøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløyisingar enn naturbaserte løyisingar skal grunngjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Saksopplysningar

Plannamn: Detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø - PlanID 1256 2016 0010

Type plan: Privat detaljreguleringsplan

Forslagsstillar: Asplan Viak AS på vegne av Vestland fylkeskommune
Klagar: 7 grunneigarar i planområdet

Merknad til klagen frå Johannes Romstad: Part Merete og Bjørnar Fløysand m.fl. representert av Harris Advokatfirma AS

Saka gjeld klage frå 7 grunneigarar i planområdet på vedtak om å velje detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, datert 16.06.2022. Det ande alternativet var A1.

Vedtaket av 16.06.2022 har følgjande ordlyd:

«KO- 079/22 Vedtak:

Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.

Endring i 2.3.3 pkt. b i føresegnene (både A1 og A2):

Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) som vert bygd ned skal av utbyggjar sikrast vidare bruk til jordbruksføremål.

Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørstøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunngjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

Klage

Kommunen har mottatt klage frå 7 grunneigarar i planområdet:

1. Gunnar Klemet Bøe.
2. Turid Larsen Østerby
- 3 Arne Gunleiv Haugsvær.
4. Gunn Margareth og Arne Haugsvær
5. Bente Fløysand-Larsen
6. Scholz med fleire

7. Johannes Romstad

Klagerett og klagefrist

Som part i saka har man klagerett.

Vedtak i sak 20/834 er kunngjort den 02.09.2022 med frist for klage innan den 24.09.2022. Samtlige klager er rettidige (mottatt innan rett tid).

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Saksgang – APM og KO

Vi viser til den historikk om saksgang gjeve til ny 2. gongs handsaming:

Offentleg ettersyn og høyring

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Utval for areal, plan og miljø (APM) 11.11.2020, som sak 149/20, med alternativ A2 som tilrådd trasé. APM vedtok å sende planforslaget tilbake til Vestland fylkeskommune (vlfk) for å legge inn både vegalternativ A1 og A2 som mogleg trasé forbi Fløksand før saka vart sendt ut til offentlig ettersyn.

Planforslaget var til offentlig ettersyn og høyring i tidsrommet 24.02.2021 – 14.04.2021. Det kom 33 merknader til planforslaget frå private grunneigarar/naboar, medan det kom inn 9 uttalar frå offentlege høyringsinstansar.

Utviding av planområdet

For å ta omsyn til anleggsarbeidet for å legge ned røyr for handtering av overvatn, var det trong for å utvide planområda for begge alternativa A1 og A2. Brev om utviding var sendt til Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune, Alver kommune og berørte grunneigarar i perioden 28.10.2022- 06.12.2022. Det kom inn 2 private og 3 offentlege uttalar.

Merknader og uttalar ved offentlig ettersyn

I samband med offentlig høyring og ettersyn kom det til saman 48 uttalar og merknader til planforslaget. Forslagsstillar har oppsummert og kommentert desse, sjå merknadsskjema vedlegg 7. Sjå merknadane i sin heilheit, vedlegg 28.

Hovudtrekka i innkomne merknader og uttalar er lista opp under:

Alternativ A1

- Støyforhold og støysikring
- Masseutskifting i kryssområdet
- Deling av eigedom med næringsdrift
- Påverkar i større grad fastbuande
- Råkar eksisterande infrastruktur

Alternativ A2

- Støyforhold og støysikring
- Fleire eigedomar vert råka av denne løysinga
- Råkar Nipane hyttegrend med 8 hytter
- A2 råkar dyrka mark
- A2 har fleire avkøyrslar frå fv. 564

Full trasé

- Innspel på landbruksavkøyrslar
- Høgda på støyskjerming mot Rylandsvassdraget
- Manglar vurdering av klimagassutslepp
- Innspel til VA-rammeplan i høve kommunalt anlegg
- Plan for massehandtering

Endringar etter offentleg ettersyn

Endringar i planframlegget etter offentleg ettersyn kjem fram av vedlegg 6.

Oppsummert inneber endringane følgjande:

- Endringar i høve føresegner for støy
- Nytt notat i høve klimagassutslepp
- Utvida plangrense for handtering av overvatn
- Endringar i tilkomst til fleire eigedomar
- Regulert støyskjerm i alt. A2 forbi Nipane hyttefelt
- Fleire avkøyrslar til landbruksformål er lagt inn
- Endringar i kostnadsvurderinga for begge alternativa

Planomtalen og VA-rammeplan vert fyrst oppdatert etter planvedtak, slik at dokumenta vert tilpassa det vedtekne vegalternativet forbi Fløksand.

Tilråding, Vestland fylkeskommune

(Innstillinga er ikkje endra etter nye innspel til planframlegget)

Ved oversending av planutkastet til 1. gongs handsaming i februar 2021, tilrådde Vestland fylkeskommune alternativ A2.

Som følgje av endringar etter offentleg ettersyn og revisjon av kostnadsvurderinga er det no ikkje lenger skilnad mellom alternativa. Utvidinga av planområdet i sør vil for alternativ A2 gje inngrep (riktig nok berre mellombelse) i kulturlandskapsområdet på Fløksand, slik at alternativ A1 er framleis litt betre i vurderinga av ikkje prissette konsekvensar. Måloppnåinga er framleis og lik, alternativ A1 har litt færre kryss og avkøyrslar

enn alternativ A2.

Ut frå fylkeskommunen si vurdering er det lite som skiljer alternativa når kostnadene er like og det er lik måloppnåing, vil dei leggje vekt på at alternativ A1 er litt betre for dei ikkje prissette konsekvensane.

Vestland fylkeskommune vil tilrå at Alver kommune vedtek reguleringsplan i samsvar med alternativ A1.

Sjølv om fylkeskommunen tilrår alternativ A1 så meiner dei framleis at begge alternativa er gode alternativ. Begge alternativa har god måloppnåing og vil gje ei god løysing for både trafikantar og bebuarar i området.

Sjå vedlegg 6 for tilrådinga i sin heilheit.

2. gongs handsaming i Utval for Areal, plan og miljø

Ved slutthandsaminga i APM var det kome inn fleire innspel til reguleringsplanen som utvalet ynskte å få utgreidd. Dette gjaldt oppgang av sjøaure i Fløksandelva, elva sin kapasitet i høve auka vassføring, grunnforhold i og nær Vestbygdkrysset.

I samband med desse innspela har landbruksavdelinga kome med ny uttale (vedlegg 33) og Vestland fylkeskommune har fått høve til å svare ut desse spørsmåla. Ingar Hals frå Vestland fylkeskommune orienterte også utvalet i møte 1. juni.

Kommunen har også bedt NVE og Statsforvaltaren om ny uttale i høve utviding av plangrensa, spesielt med tanke på flaum og sjøaure i Fløksandelva. Uttalene er lagt til saka, vedlegg 30 og 31.

Ny 2. gongs handsaming i Utval for Areal, plan og miljø

Utval for areal, plan og miljø 15.06.2022 fatta følgjande vedtak:

APM- 089/22 Vedtak:

Innstilling i APM - 15.06.2022:

Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.

Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sjørestøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunngjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

Framlegget vart vedteke med 5 røyster (Sveinung Toft-V, Heine Fyllingsnes-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Henning Fyllingsnes-H, Leif Taule-Sp)

Kommunedirektøren sitt framlegg Alternativ A1 fekk 3 røyster og fall (Jogeir Romarheim-Krf, Ståle Hopland-Uavh, Anne Grete Eide-AP)

Alver kommunestyre den 16.06.2022 fatta følgjande vedtak:

KO- 079/22 Vedtak:

Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegnar av revisjonsdato 10.12.2021.

Endring i 2.3.3 pkt. b i føresegnene (både A1 og A2):

Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) som vert bygd ned skal av utbyggjar sikrast vidare bruk til jordbruksføremål.

Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørrestøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunngjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

Handsaming:

Laila Bjørge-SP stilte spørsmål om habilitet då ho har deltatt som saksbehandlar i saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Laila Bjørge er inhabil i saka.

Framlegg frå MDG, SV og R ved A.Helle-R:

Alternativ A1

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand - Vikebø v /alternativ A1. Dette av omsyn til fulldyrka landbruksjord, planid 1256 2016 0010, som vist på plankart datert 21.12.2021 og med føresegnar av revisjonsdato 10.12.2021

Framlegget fekk 15 røyster og fall (M.Andvik-Krf, J.Romarheim-Krf, L.Johnsen-MDG, A.Bakken-MDG, K.V.Nesse-AP, A.G.Eide-AP, A.U.Nordlund-SV, T.Larsen-H, A.K.Eknes-Krf, A.Helle-R, S.Knudsen-SP, E.M.Dale-Krf, A.Byrknes-Krf, S.Hopland-uavh.og S.Sekkingstad-SP)

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart vedteke med 29 røyster, mot 15 røyster (M.Andvik-Krf, J.Romarheim-Krf, L.Johnsen-MDG, A.Bakken-MDG, K.V.Nesse-AP, A.G.Eide-AP, A.U.Nordlund-SV, T.Larsen-H, A.K.Eknes-Krf, A.Helle-R, S.Knudsen-SP, E.M.Dale-Krf, A.Byrknes-Krf, S.Hopland-uavh.og

S.Sekkingstad-SP)

Endringsframlegg frå J.Hellsetveit-SP:

Endring i 2.3.3 pkt. b i føresegnene (både A1 og A2):

Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) som vert bygd ned skal av utbyggjar sikrast vidare bruk til jordbruksføremål.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Hovudføremål med planen

Planens hovudføremål er utbetring av fylkesveg. Uavhengig av trasé A1 eller A2, er det i planen regulert for ein gjennomgåande vegstandard med parallell gang- og sykkelveg. Busshaldeplassar er regulert som eigne kollektivformål slik at trafikken kan passere når bussen stoppar på haldeplassen. Ved gjennomføring av tiltaka i plan, vil alle trafikantgrupper vere sikra ein tryggare og betre framkomst.

Kort om planforslaget

Planområdet strekkjer seg frå Fløksand i søraust, frå der fortauet i dag sluttar, til brua ved Vikebø i nord.

Ny veg avlastar dagens fv. 564 gjennom kvikkleireområdet på Fløksand og Leiro ved at vegen vert lagt i ny trasé lengre aust frå Fløksand til Steinberget, og vidare i ny trasé vest for Steinberget. Nord for Steinberget legg planen til rette for utviding og opprusting av dagens veg fram til Vikebø. Det vert regulert parallell gang- og sykkelveg med 3 meters breidde på heile strekninga. Omlegging av vegen ved Leiro er utgreia i to alternativ, A1 og A2 etter bestilling frå Utval for areal, plan og miljø (APM).

A1

Alternativ A1



- Ny trasè ligg i dagens kryss mellom Vestbygdvegen og Roslandsvegen
- Regulerer ei 4-arma rundkøyring som samlar dagens vegar og ny veg
- Ny veg mot Eidshaugane ligg tyngre i terrenget enn A2
- Truleg behov for full masseutskifting
- Omlegging av VA, leidningar og kum, samt høgspent og trafo
- Støysikring av 18 eigedomar
- Tek om lag 1,1, daa dyrka jord
- Kostnadsanslag estimert til 117 mill. for A1 + køyreveg til Leiro (eks. gs-veg)
- Kostnadsanslag estimert til 232 mill. kr ved full utbygging



3d-modell av A1 sett frå nord

A2

Alternativ A2



- Ny trasé ligg om lag 400 m nord for dagens kryss v/ Vestbygdvegen
- To kryss: Regulerer ei tre-arma rundkøyring som koplar dagens veg og ny veg. Regulerer nytt T-kryss med Vestbygdvegen
- Støysikring av 26 eigedomar
- Råkar i større grad kulturlandskapsområde på Fløksand med mellombelse tiltak
- Tek om lag 7,1, daa dyrka jord
- Kostnadsanslag estimert til 116 mill. for A2 + køyreveg til Leiro (eks. gs-veg)
- Kostnadsanslag estimert til 228 mill. kr ved full utbygging



A2 sett frå nordaust. Nipane hyttefelt nedre til høgre og deler av Fløksand i bakkant.

Ny veg er dimensjonert for 80 km/t og med 7,5 m vegbreidde mellom Fløksand og Ryland. Ved Fløksand og Ryland/Vikebø er det gjort tilpassing for å unngå for store inngrep i lokalmiljøet i grendene, og vegen er dimensjonert for 60 km/t og med 6,5 m vegbreidde. På strekninga frå kryss med Bjørndalsvegen til nytt kryss mot Leiro sør for Steinberget er det også nytta dimensjonerande fart 60 km/t av omsyn til dei to kryssa, av omsyn til gåande og syklande i Bjørndalsvegen som må krysse ny fylkesveg, og for å redusere inngrep i og mot Rylandsvatnet.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframstilling til 1. og 2. gongs handsaming i APM samt ny 2. gongs handsaming, som ligg vedlagt saka.

VURDERING – Alternativ A1 og A2

Konklusjon fatta ved ny 2. gongs handsaming –

“Kommunedirektøren og Vestland Fylkeskommune slutter seg til hovudformålet og det planfaglege grepet i planforslaget ved ny 2. gongs handsaming. Planframlegget er gjennomarbeida, der planens overordna effektmål er løyst på ein tilfredsstillande måte- både i alternativ A1 og alternativ A2.

Etter ei samla vurdering, inkludert dei nye innspela, står vi overfor to likeverdige alternativ i høve trafiksikring og framkome for alle brukargrupper. Omlegginga av vegen forbi Leiro får negative konsekvensar i begge alternativa, men på ulike sett:

A1	A2
<ul style="list-style-type: none">o 11 eigedomar direkte berørto 18 eigedomar utsett for støyo Ligg noko tyngre i terrengeto Ulempe for næringsdrivandeo Infrastruktur lyt flyttast v/ Vestbygdvegeno Masseutskifting v/ Vestbygdvegeno Est. kostnad 117 millionar	<ul style="list-style-type: none">o 22 eigedomar direkte berørto 26 eigedomar utsett for støyo Tek noko jordbruksarealo Har mellombelse tiltak i kulturlandskapo Får fleire avkøyrslar til fylkesvego Lyt oppgradera eksisterande T-krysso Est. kostnad 116 millionar

Etter dei nye innspela, er A1 vurdert til vere litt betre i høve overvasshandtering. Største forskjellen mellom vegalternativa er talet eigedomar som vert råka. Vestland fylkeskommune påpeikar at begge alternativa har god måloppnåing, men at dei tilrår framleis A1 fordi alternativet kjem best ut i høve ikkje-prissette konsekvensar. Denne skilnaden er marginal. Det same gjeld kostnadsforskjellen for alternativa. På bakgrunn av dette legg kommunedirektøren fram både alternativ A1 og alternativ A2 for kommunestyre, som vidare tek endeleg stilling til val av trasé forbi Fløksand.”

Konklusjon i klageomgangen –

kommunedirektøren og Vestland fylkeskommune tilrår alternativ A1.

I klageomgangen, så er tilrår kommunen alternativ A1 på lik linje med Vestland Fylkeskommune si side. Det er ikkje lagt fram nye opplysningar i saka som endrar dette standpunktet.

På tross av fagleg tilråding frå både kommunedirektøren og Vestland Fylkeskommune si side, om at A1 er det tilråde alternativet, så fremjar kommunedirektøren i klageomgangen vedtak om å oppretthalde vedtak om A2. Dette med bakgrunn i vedtaket om alternativ A2 fatta av Alver kommune sitt øvste kommunale organ; Alver kommunestyre.

Klagegrunnar, tilsvar og vurdering av klage

Dei 7 klagenes vert i utgangspunktet systematisert og vurdert kvar for seg. Det vert presentasjon av klage, tilsvar frå Vestland Fylkeskommune (vlfk) samt kommunen si vurdering av klagen.

Klagenes vert vurdert i høve vedtatt alternativ A2 + B3 og opp mot dei konsekvensar alternativ A2 medfører for dei 7 klagarane samt om det skal gjerast endringar i planen for å kompensere for ulempe/inngrepa planen medfører.

Klage nr. 1 - Gunnar Klemet Bøe

Bøe viser til verdiforringing av gnr. 305 bnr. 197 på grunn av støy som den valte traséen vil generere, og krev

erstatning på kr 200 000,-. Krev også støyskjerming under høgspent over i enden av myra. Han meiner at ny veg vil øydeleggje idyllen for Nipane hyttefelt.

Tilsvar frå Vestland fylkeskommune til klagen

«Gunnar Klemet Bøe

Klagar og på vedtak av A2. Han tek opp erstatning. Dette er ein del av prosessen vidare og ikkje noko som blir avgjort i plansaken.»

Kommunen si vurdering av klagen

Spørsmål om erstatning har ikkje betydning for vedtak av plan, men vert tatt stilling til ved gjennomføring av reguleringsplanen. Vurdering av støy og støytiltak er gjort greie for i støyrapport frå 2020. Planen sikrar i føresegnene at bygg som får høgare støynivå enn grenseverdiar gitt i T-1442/2021 skal sikrast tiltak som skjerming ved veg, lokal skjerming av uteplass på eigedom og/eller fasadetiltak. Gunnar Klemet Bøe har jf. støyrapport krav på støytiltak på uteplassen. Dette kan løysast med lokale tiltak eller støyskerm langs vegen. Støytiltak vert nærare utgreidd og avgjort i byggeplan. Konsekvensar for hyttefeltet er vurdert i plansaka i ma. konsekvensutredning for landskapsbilete og i støyrapporten.

Konklusjon – klage Gunnar Klemet Bøe

Det er kommunedirektøren sin vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.


På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Klage nr. 2 - Turid Larsen Østerby

Klager på at deira eigedom ikkje er innlemma i føresegn 3.1.3, som gjeld bruk av avkøyrsl SV20. Østerby er eigar av Rosslandsvegen 1393, gnr. 343 bnr. 52, 54. Klager viser til føresegn 3.1.3 i vedtatt reguleringsplan om kven tilkomstveg f_SV20 i plankart nr. 6 er felles for. Det vises til skyldskifte og kontrakt om vegrett over tilgrensande eigedom, gnr. 343 bnr. 3 fram til hovudveg.

Tilsvar frå Vestland fylkeskommune til klagen

«Denne klagen gjeld tilkomst til hytte på eigedomen 343/52 og 54. Viser til at de har vegrett over 343/3. Vi har i vedteken plan teikna inn avkøyrsl f_SV20 i området, og i føresegnene står det at den er felles for 343/3 og 65. Turid Østerby ønsker føresegnene endra, slik at 52/54 og blir inkludert.



Vi tilrår at klagen blir tatt til følge. Føresegnene pkt. 3.1.3. blir da etter endring slik: «»f_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.»

Kommunen si vurdering av klagen

Eigedommen det vert vist til ligg i områdeplan for Rylandshøgda som spreidd fritidsbusetnad. I nordhordlandskart.no (sak i kart) er det teikna inn eit tiltak som truleg er tilkomstveg til både gbnr. 343/3, 52,54 og 65. Det har ikkje lukkast å finne saka i websak, men vegen er ikkje bygd. Kommunen kan ikkje sjå at retting av føresegna vil vere til ulempe for gjennomføring av plan. Kommunen tilrår at klagen vert tatt til følge og at føresegn pkt. 3.1.3 vert endra slik vlfk foreslår i sin uttale til klagen.»

Konklusjon – klage Turid Larsen Østerby

Det er kommunedirektøren sin vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følge og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen vert tatt til følge.

Kommunedirektøren framlegg til vedtak i klageomgangen lyder:

Klagen vert tatt til følge.

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «»f_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.

Klage nr. 3 - Arne Gunleiv Haugsvær

1. Klager ønsker å få plassert nytt naust, då naustet på 305/3 må rivast.
2. Klager ønsker å få regulert avkjørsel til landbruksteig 305/3 ved Rylandsvassdrag.

Tilsvar frå Vestland fylkeskommune til klagen

«Arne Haugsvær

Klagen gjeld to tilhøve:


- Han ønsker å få tildelt ny tomt/plass til nytt naust til erstatning for det som blir innløyst på eigedomen 305/3

- Han ønsker at det blir lagt inn i planen tilkomst til dyrka mark på Steinberget sør.

Vi tilrår at klagen når det gjeld naust ikkje blir teken til følge. Det er normal praksis i slike saker at vi, som tiltakshavar, betaler ut ein erstatning, og at eigar av bygning sjølv ordnar eventuell erstatning. Dette fordi det ofte ikkje er enkelt å finne alternativ plassering innanfor planområdet, planområdet må utvidast for å leggje inn ei alternativ tomt. Dette vil og vere tilfellet her, det er ikkje nokon naturleg naustplassering nært eksisterande naust og vår vegfylling ut mot Rylandsvatnet. Det er derfor heller ikkje regulert inn areal til erstatning for naustet som må rivast på naboeigedomen 305/55. Vi meiner dei to eigedomane må handsamast likt.

Det er og slik at om vi hadde lagt inn areal i reguleringsplanen måtte grunneigar likevel søkt om å få bygge tiltaket. Ein slik søknad kan kombinerast med ein søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan.

Når det gjeld tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget vil vi tilrår at denne klagen blir teken til følge. I vedteken plan ligg tilkomst til dette arealet via avkøyring f_SV15 vest for Steinberget. Haugsvær bur nede mot Leiro, og vil med denne tilkomsten få nærare 3 km ekstra køyring kvar gong han skal frå hovudbruket, ut til dyrka marka, og attende. I tillegg til noko jordbrukstrafikk kan ei slik avkøyring og truleg gje ein minimal auke i kryssing av fotgengarar i området. Men med fartsgrense 60 km/t meiner vi løysinga med tilkomst i dette området er akseptabel. Og da Haugsvær vil få store ulemper med løysinga i vedteken plan vil vi tilrår at klagen blir tatt til følge.




Om avkøyringa blir lagt inn, vil den bli f_SV11. Følgjande må inn som tillegg i føresegnene pkt.1.3: «f_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.» (Eigedomen 305/4 har eit restareal nord for ny veg som det vil vere naturleg at og får tilkomst via denne nye avkøyringa).

Kommunen si vurdering av klagen

1. Naust

Det er to naust som må rivast ved Rylandsvassdraget som følgje av denne planen. Haugsvær eig naustet

lengst vest.



Vlfk tilrår å ikkje ta klagen til følgje på dette punktet, fordi praksis er innløysing og erstatning, sjå uttale.

Det er ikkje tilfelle at ein må utvide plangrensa for å regulere nytt areal til naust slik vlfk skriv, fordi planomrisset ved varsel om oppstart var mykje større enn omrisset i vedtatt plan. Men vi ser at regulering av areal til nytt naust vil krevje fleire utgreiingar i høve å finne ei eigna plassering samt vurderingar ift det verna Rylandsvassdraget. Fordelen ved å regulere inn nausta er at eigarane slepp risikoen ved å søke dispensasjon frå LNF- formålet og evt. sikringssona mot vassdraget.

Vi stiller spørsmål ved kven som skal vurdere ny plassering til naustet om kommunen tar klagen til følgje, og er dette ei planendring som forslagsstillar tar på seg? For lik handsaming bør ein også finne eigna plassering for det austre naustet på 305/55. Dette naustet har i tillegg tilkomstveg som kompliserer ny plassering.

Kommunen er usikker, men faller ned på å ikkje ta klagen til følgje fordi det vil forseinke vegprosjektet og vi kan risikere å bruke mykje ressursar på å ikkje finne ei eigna plassering av nausta/tilkomst. Det vil også vere uheldig å ende opp med å regulere nausteformål på areal som klagar ikkje eig. I ein dispensasjonssøknad vil vi få vurdert alle desse forholda.

2. Tilkomst til jordbruksareal

Kommunen er samd i vlfk si tilråding om å ta klagen til følgje. Slik det er regulert i dag vil klagar få ei unødvendig omkøyning frå garden i Leiro via ny veg bak Steinberget, som vist under, for å nå teigen på 305/3.



Føresegner og plankart må oppdaterast. Det må regulereast tilkomst både frå ny fylkesveg og ved avkøyrsløpil

til dyrka mark på 305/3 (om lag ved raud markering).

Konklusjon – Arne Gunleiv Haugsvær

Det er kommunedirektøren sin vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal delvis takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen delvis vert tatt til følgje.

Kommunedirektøren framlegg til vedtak i klageomgangen lyder slik:

1. Klagen i relasjon til naust blir ikkje tatt til følgje.
2. Klagen i relasjon tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget blir tatt til følgje.

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.

Klage nr. 4 - Gunn Margareth og Arne Haugsvær

1. A1 er eit betre val enn A2 pga. det vegtekniske, betre terrenntilpassing, mindre øydeleggjande, handterer meir trafikk.
2. Ved A2 vert vegen mellom rundkøyringa og Beitingvegen stengt, det vil generere lite trafikk på eine armen til rundkøyringa. Dyrt og lite hensiktsmessig med rundkøyring på A2, den går også over dyrka mark.
3. Pengar til ei evt. rundkøyring bør gå til ei rundkøyring ved levegen.
4. Nytt kryss som skal tjene hotell ved golfbana er ikkje inntegna på kartet.

Tilsvar frå Vestland fylkeskommune til klagen

«Gunn Margareth og Arne Haugsvær

Denne klagen gjeld og vedtak av A2. Her det trafikale begrunnelsar, som og er vurdert tidlegare. Konkrete kommentarar til eit par punkt i klagen:

- Eksisterande veg ved Leiro blir ikkje stengt, den skal vere open for gjennomkøyring og etter bygging av ny veg.
- Eit kryss mellom Fløksand og Ryland for eventuelt hotell og bustadfelt ved golfbana er ikkje eit tema i denne planen. Dei to alternativa som det er lagt fram planutkast for er like i det området eit slikt kryss kan vere aktuelt.

Kommunen si vurdering av klagen

1. Vurdering av dei to alternativa er gjort greie for i planframlegget. Jf. vedlegg 4 s. 13 skriv vlfk at begge dei to alternativa oppnår prosjektet sine overordna effektmål
2. Vegen ved Leiro vert ikkje stengt som følgje av reguleringsplan, verken i alt. A1 eller A2. Det er belyst i planframlegget i vedlegg 35 at ved alt. I A2 får ein to kryssløysingar; krysset ved Vestbygdvegen og ny rundkøyring. Ved alternativ A1 vert dette samla på ein stad.
3. Tatt til orientering. Det har ikkje vore behov for å vurdere rundkøyring på nemnte vegkryss

Rosslandsvegen/levegen, Eieklandsvegen.

4. Nytt kryss og tilkomstveg til golfbana må regulerast i eige plan. Det foreløpig ingen oppstart av plan for Meland golf etter det Planforvaltning kjenner til.

Klagen legg ikkje fram nye forhold som ikkje er vurdert i plansaka.

Konklusjon – klage Gunn Margareth og Arne Haugsvær

Det er kommunedirektøren sin vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Klage nr. 5 -Bente Fløysand-Larsen

1. Matjord: A2 går over Temyra som er sauebeite og berører jord mellom Rosslandsvegen 1070 og 1074. Generelt bygger A2 ned innmark.

2. Skogbruk: legg fram at kun Bjørnar Fløysand får tilgang til skog ved A2 og korleis han kan drive vidare med skogbruk ved val av A1. Viser til andre som driv med skog i området.

3. Natur/fritid: Jakt- og bærområder, samt Nipane hyttefelt vert øydelagt ved A2. Sørstøa vert øydelagt.

4. Påverknad bustader: Det vert beskrive påverknad på Rosslandsvegen 1070, 1072, 1074 og 1075.

5. Kostnader: Legg fram at traséane ikkje kan samanliknast økonomisk.

6. Habilitet: Stiller spørsmål ved habiliteten til dei som vedtok planen.

7. Saksbehandlingsfeil: Dato for merknadsfrist blei ikkje halde.

8. Anleggsperioden: Stiller spørsmål ved trafikkavvikling under anleggsperioden.

Tilsvar frå Vestland fylkeskommune til klagen

«Klagen gjeld vedtak av A2, ønsker A1. Vi meiner tema som er tekne opp ikkje er nye, det er ting som har vore vurdert av oss og Alver kommune før vedtaket vart fatta. Konkrete kommentarar til nokre punkt i klagen:

- Alle skogseigedomar i det sørlege området (inkl. Anfinen (305/6) og T. Fløysand (305/7)) har tilkomst til skogen ved bygging av A2.
- Leira i Sørstøaområdet er vurdert, vi skal ikkje gjere tiltak nede ved Sørstøa.
- Natvik sitt hus (Rossfjordvegen 1075, 305/49) skal ikkje rivast, ny veg ligg i god avstand frå huset. Avstanden er litt under 20 m, om lag 3 – 4 m kortare avstand enn det er i dag.
- Fleire andre bustader i området har like høgt og høgare støynivå etter utbygging enn Scholz sin eigedom (Rossfjordvegen 1074/305/120). Tilbod om støytiltak vil bli gitt.
- Alle tema nemnt i klagen under pkt. 5 «Kostnader» er vurdert i samband med utarbeiding av kostnadsoverslag. Vi står fast ved at kostnadene ved dei to alternativa er om lag dei same.

- I anleggsperioden skal trafikantane nytte eks. veg. Det vil bli periodar med noko ulempe for trafikantane, men trafikkavvikling er, samanlikna med mange andre veganlegg, ikkje noko stort problem her.»

Kommunen si vurdering av klagen

1. Samla sett er arealbeslaget av dyrka mark, beite og dyrkbar mark lite som følgje av tiltaket, men større i alternativ A2 enn i alternativ A1. Sjå s. 24 i vedlegg 13 og s. 14 i vedlegg 35.
2. Alle skogseigedomar i det sørlege området (inkl. Anfinsen (305/6) og T. Fløysand (305/7) har tilkomst til skogen ved bygging av A2. Sjå plankart s. 1 og avkøyrsløp på høgare side etter rundkøyringa.
3. Natur og fritid er vurdert i KU vedlegg 12 og 14. For Nipane hyttefelt er desse vurdert i høve støypåverknad i vedlegg 15 og 23. Det skal ikkje gjerast tiltak i Sørrestøra, kun ledast overvann frå vegen via røyr og kisteveiter ned mot støa. Sjå planomtale s. 54.
4. Vlfk uttaler: Natvik sitt hus (Rossfjordvegen 1075, 305/49) skal ikkje rivast, ny veg ligg i god avstand frå huset. Avstanden er litt under 20 m, om lag 3 – 4 m kortare avstand enn det er i dag. Tilkomst til Natvik er regulert med pil, så eg er usikker på om dei får særleg betre forhold enn i dag, då er det uheldig om dei rygger inn i dag. Fleire andre bustader i området har like høgt og høgare støynivå etter utbygging enn Scholz sin eigedom (Rossfjordvegen 1074/305/120). Tilbod om støytiltak vil bli gitt. Eigedommar på 1070,1072 og 1074 som Larsen nemner, får regulert ny tilkomst i denne planen. Denne er bestemt i samråd mellom vlfk og grunneigarar. Sjå merknadsskjema vedlegg 5, merknad 2, 16 og 17.
5. Vlfk uttaler: Alle tema nemnt i klagen under pkt. 5 «Kostnader» er vurdert i samband med utarbeiding av kostnadsoverslag. Dei står fast ved at kostnadene ved dei to alternativa er om lag dei same. Sjå vedlegg 4, s. 13. om kostnadsberekning av begge alternativa.
6. Medlemmar i kommunestyre må vurdere sin eigen habilitet i kvar sak. Forvaltningsloven §6 setter opp lovfestede vilkår for når habilitetsreglane trer i kraft. I tillegg kan det føreligge særegne forhold» som kan gjere ein inhabil. Det er ikkje påberopt av Bente Fløysand-Larsen kvifor medlemmane av APM skal vere inhabile. Det er difor ikkje grunnlag for å gå ytterlegare inn på ein vurdering av utvalsmedlemmane sin habilitet.
7. Se samanfallande vurdering for klagar nr. 7, Johannes Romstad, om eventuelle saksbehandlingsfeil.
8. Vlfk uttaler: I anleggsperioden skal trafikantane nytte eksisterande veg, altså dagens fylkesveg forbi Leiro. Det vil bli periodar med noko ulempe for trafikantane, men trafikkavvikling er, samanlikna med mange andre veganlegg, ikkje noko stort problem her.

Konklusjon – Bente Fløysand-Larsen

Det er kommunedirektøren sin vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Klage nr. 6 - Scholz med fleire

1. Klager på vedtak av alternativ A2, og påpeiker at det er mange fleire som vert ramma ved A2 enn ved A1. Det vert elles nemnt forhold kring val av trasé, kvikkleire, trafikkstøy, Nipane hyttefelt og dyrka mark.
2. Påpeiker utfordringar ved det vedtekne alternativet som støy, påverknad på Rosslandsvegen 1075 og trafikk i anleggsperioden.

Tilsvar frå Vestland fylkeskommune til klagen

«Paul-G. Scholz (på vegne av fleire)

Klagen gjeld og vedtak av A2. Heller ikkje her nye tema som ikkje har vore vurdert tidlegare. Konkrete kommentarar til eit par punkt:

- Det er feil at mange hus ligg raud støysone ved val av A2, det er ingen hus som gjer det
- At vi endra vår tilråding frå A2 til A1 er ikkje pga. kvikkleire. At vi endra vår tilråding skuldast at kostnadsbiletet endra seg pga. justeringar etter merknadshandsaming.

Kommunen si vurdering av klagen

1. Jf. støyrapporten er det feil at dei fleste hus hytter kjem til å ligge i raud støysone, det er ingen hus/hytter som gjer det. Men det er riktig at det fleire som vert ramma av støy i A2 og det er fleire som vert direkte berørt av sjølvvegframføringa, enn i A1. Dette kjem fram av støyrapporten vedlegg 15 og er belyst i saksframlegget til slutthandsaming, vedlegg 35. Det stemmer ikkje at Vestland fylkeskommune endra tilråding frå A2 til A1 på grunn av kvikkleire. Dei endra tilråding på grunn av kostnadsbiletet. Dette kjem av vedlegg 4 i plansaka. Sjå vurdering 3 i klagen frå Romstad i høve svar på ny konsekvensutgreiing om kvikkleire. Det stemmer ikkje at kommunen har godkjent området som for fritidsbustader. Området ligg i kdp for Meland som LNF, men sjølvveg oppføringa av bygningane som fritidsbustader er nok godkjent av kommunen. Om dyrka mark, sjå vurdering pkt. 1 under klagen frå Bente Fløisand-Larsen.

2. Støyhandtering kjem fram av støyrapport, vedlegg 15. For påverknad for Rosslandsvegen 1075 (familien Natvik) sjå vurdering pkt. 4 under klagen frå Bente Fløisand-Larsen. For trafikk i anleggsperioden sjå vurdering pkt. 8 under klagen frå Bente Fløisand-Larsen.

Klagen legg ikkje fram nye forhold som ikkje er vurdert i plansaka.

Konklusjon – Scholz med fleire

Det er kommunedirektøren sin vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Klage nr. 7 - Johannes Romstad

1. Johannes Romstad stiller spørsmål ved:

- Sakshandsaminga som gjeld kontradiksjon,
- Harris si rolle i plansaka i relasjon til Marianne Sandvik si tidlegare leiarrolle i Alver kommune.
- Sakshandsamar ved planavdelinga sin habilitet på grunn av tilknytning til Sandvik.
- Om fleire politikarar er inhabile.

2. Om val av alternativ- Romstad kommenterer den politiske diskusjonen og handsaminga om val av trasé, og meiner den svekker tillit som igjen burde føre til eit ugyldig planvedtak.

3. Romstad krev konsekvensutgreiing i høve grunnforhold, på grunn av overvannshåndtering mot Sørstøa som har kvikkleire.

4. Det hevdast også at kostnader ved A2 ikkje er reelle fordi ekspropriasjonsrettslege problemstillingar vil føre til store utgifter.

Tilsvar frå Vestland fylkeskommune til klagen

«Johannes Romstad Klagar og på vedtak av A2. Mye går på kommunal sakshandsaming. At politikarane bruker sitt skjøn og gjer eit anna vedtak enn det fagfolk (her både oss og Statsforvaltar) har tilrådd er ikkje uvanleg. Nokre få punkt vil vi kommentere her og:

- Det var ikkje berre for å handtere overvatn frå A2 vi utvida planområdet hausten 2021, det gjorde vi og for å handtere overvatn frå A1.
- Tomtene 305/188 og 305/93 er fullt byggbare etter vedtak av A2.
- Leira som finst på Fløksand der vi skal leggje drensleidning ned frå A2 er vurdert. Det er ikkje store samanhengande område med leire, men små lommer mellom fjellknausar. Detaljvurderingar vil bli supplert fram mot bygging, større utgreiingar er ikkje nødvendige.»

Kommunen si vurdering av klagen

· Sakshandsaminga som gjeld kontradiksjon

Harris sende nye innspel til medlemmar i Utval for areal, plan og miljø før møte den 23.03.22. Harris sine innspel etter den offentlege høyringsrunden, har hatt innverkande på politikarane og val av trasé. Det vert vist til at bl.a. utvalsleiar i første runde var einig med vlfk.

Innspela kom etter at høyringsfristen var ute. APM utsette saka og ba om synfaring i neste møte, samt at innspela frå Harris vart innlemma og vurdert i saka til neste møte i utvalet. Vlfk, NVE og Statsforvaltaren gjorde desse vurderingane.

Politikarane i kommunen vert ofte kontakta av parter i ein sak som ønskjer å fremje deira syn. Etter forvaltningsloven §17 skal ein sak vere så godt opplyst som mogleg slik at kontakt mellom innbyggjarar og politikarar kan finne stad, også etter at den offentlege høyringsrunden er avslutta. Eit anna spørsmål er om kravet til kontradiksjon skal/bør oppfyllest.

Reglene i forvaltningsloven §§ 16 og 17 bygger på alminnelege ulovfesta prinsipp om forsvarleg saksbehandling/forsvarleg saksutredning frå ulovfestet rett. Reglene er også ment å ivareta omsynet til rettssikkerheit og kontradiksjon, slik at partar får sin meining høyrte før eit vedtak vert fatta. Dette bidrar også til at saken vert så godt opplyst som mogleg, jf. fvl. §17. Kontradiksjon er eit ulovfesta prinsipp som gir moglegheit til å mostsi motparten sine argument. Utan motparten sitt syn på saken, så vil ei heller saken vere så godt opplyst som mogleg, jf. forvaltningslova 17. Ei sak trenger begge partar sitt ståstad.

APM utvalet og administrasjonen er bundet av forvaltningsloven, herunder forvaltningsloven § 17 annet ledd om at motpart har rette til å gjere seg kjent med nye opplysningar.

Spørsmålet er om det ligg føre sakshandsamingsfeil når Harris sendte nye innspel til medlemmar i Utval for areal, plan og miljø før møte den 23.03.22 utan at desse vart sendt til partane i planen i tillegg for uttale.

Vi må her vurdere om kva type innspel som vart lagt fram og i kva grad partane i planområdet har interesse av innspela. Det blir eit spørsmål om innspela skal sendast partar til uttale, men ikkje dersom dei ikkje har avgjerande betydning for vedtaket, av andre grunner er unødvendig eller uhensiktsmessig eksempelvis der part ville blitt gjort kjent med opplysningane ved melding om vedtaket, jf. forvaltningsloven § 17 annet ledd.

Innspela ikkje vart sendt til Romstad eller andre partar, men registrert på saka. Innspela gjekk i hovudsak på påverknad på anadrom fisk og kulturminne i Fløksandelva. Kommunen sendte innspela på høyring til NVE (vedlegg 27) og Statsforvaltaren (vedlegg 28), samt at vi fekk ein uttale frå arkeolog og VA-ingeniør i Asplan Viak vedr. kulturminne (vedlegg 29d). Dette var konkrete tema som trong ei fagleg vurdering, derfor vart det ikkje sendt på høyring til berørte partar.

Andre tema som Harris tok opp, vart sendt til vlfk. Deira svar var at desse tema allereie var vurdert i planarbeidet (sjå vedlegg 29b). Vi måtte ha ein ny runde angående påverknad på Fløysand sin tomt, fordi Harris tok kontakt med landbruksavdelinga og fekk arrangert synfaring som resulterte i ei tilleggsuttale frå landbruk, sjå vedlegg 30. Men dette endra ikkje vlfk sitt syn på at A1 som det tilrådde alternativet. Romstad sendte på eige initiativ tilsvar til Harris sine nye moment og desse vart lagt til saka, sjå vedlegg 31. Vlfk har også kommentert tilsvaret i vedlegg 29a, side 3 etter førespurnad frå kommunen.

I vår sak var det påverknad på anadrom fisk og kulturminne konkrete tema som trong ei fagleg vurdering. Da desse opplysningane er av fagleg art, kan det stilles spørsmål om klagar og andre partar vil ha trong for denne informasjonen. På den annan side kan klagar ha interesse av innspela for så å ta stilling til om det er ønskeleg å kome med uttale, evt. med anna fagkyndig bistand. Klagen frå Romstad syner ei tydeleg forventning å få tilsendt nye opplysningar i saka.

Vidare har Romstad av eige initiativ sendt inn tilsvar til innspela, som er lagt på saka og kommentert av Vlfk. Innspela er då gjort tilgjengeleg for Romstad og hans syn er blitt redegjort for. Det er da klart at Romstad er blitt gjort kjent med opplysningane, har kome med tilsvar og fått tilsvaret frå Vlfk slik at det er unødvendig å sende disse til uttale, jf. forvaltningsloven § 17 annet ledd.

Dessutan følgjer innspel og tilsvar klageomgangen. For den eventuelle mangel/feil at Romstad ikkje vart gjeve moglegheita til kontradiksjon på eit tidlegare stadiè for innspela, så vil klageomgangen vere gjenstand for full ny prøving og eventuelle prosessuelle feil ved sakshandsaminga kan anses reparert der. Når saka har både innspel, tilsvar og kommentar frå Vlfk og er gjort tilgjengeleg for samtlige partar i klageomgangen, må saka anses å vere komplett med naudsynte opplysningar.

Forvaltningslova § 16 om førehandvarsling må sjåast i samanheng med forvaltningslova § 17 ved at part som ikkje tidlegare har fått moglegheit til å uttale seg skal få "høve til å uttale seg", jf. fvl. §16 første ledd. Dette vil ha ei side til ny informasjon i saka som ein part presenterer og som annan part/er vil ha interesse av. Som profesjonell rettsleg aktør frå eit større advokatfirma, burde det vere intuitivt for Harris at motpartar vil ha interesse av ny informasjon og gje dei tid/anledning til å ta stilling til dei nye opplysningane. Dette ville ha sikra ein planprosess om openheit, medverknad og forutberegneligheit slik det framgår av føremålsbestemmelsen i pbl. §1-1.

Den tvil som nå er oppstått i etterkant av innspela, om det har vore ein god, betryggande og tillit skapande planprosess, er Harris nærast å bere. Dei hadde moglegheit til å sende innspela direkte til motpart, på lik linje som ein ordinær rettsleg prosess, utan å gjere dette. Det vil også vere i partane si eigeninteresse sørgje for at motparten får dei same skriv/opplysningar som dei sjølve slik at alle partar har den same kunnskap i saka og vedtak vert fatta på dette unisonte kunnskapsgrunnlaget. Dette gjeld særleg når høyringsrunden er ferdig. Ein slik framgangsmåte sikrar ein planprosess om openheit, medverknad og forutberegneligheit i tråd med føremålsbestemmelsen i pbl. §1-1.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre sakshandsamingsfeil når Harris sendte nye innspel til medlemmar i Utval for areal, plan og miljø før møte den 23.03.22 utan at desse vart sendt til partane i planen i tillegg.

- Harris si rolle i plansaka i relasjon til Marianne Sandvik si tidlegare leiarrolle i Alver kommune.

Marianne Sandvik har no inga beslutningsmynde innad i Alver kommune etter at ho sa opp sin stilling som Plan- og byggesakssjef for å starte i Advokatfirmaet Harris som advokatfullmektig. Sjølv om ho kjenner kommunen og beslutningstakarane, så kan vi ikkje sjå at Marianne Sandvik si tidlegare rolle i kommunen og hennar noverande rolle i Harris, representerer motstridane interesser som medfører at planprosessen ikkje er god med hennar tilstedeværelse i planprosessen som representant for part. Vi forstår det slik at ho, ved fråtrede, ikkje er ilagt klausul om å ikkje kunne ta saker mot kommunen.

Konklusjon

Harris si rolle i plansaka, i relasjon til Marianne Sandvik si tidlegare leiarrolle i Alver kommune, er funnet tilfredsstillande.

- Sakshandsamar ved Planavdelinga sin habilitet på grunn av tilknytning til Sandvik.

Inhabilitet betyr at tilknytning til saka eller partane i sakane gjer at tilliten til upartiskheit vil kunne bli svekka. Det kritikkverdige er ikkje det å vere inhabil, men det å ikkje fråtre ved inhabilitet. Omsyn bak reglane er partane rettssikkerheit, sikra publikums tillit til forvaltninga og hindre samvettskonflikt hos beslutningstakar. Omsyn som taler mot for strenge habilitetsreglar er effektivitet og fagkompetanse.

APM utvalet omfattast av reglane etter fvl. §10 og det same gjeld ansatt i kommunen som offentleg tenestemann, jf. fvl. & første ledd, jf. §2 første ledd bokstav d). Reglane kjem til anvending ved all utøving av offentleg verksemd til dømes ved vedtak fastsetting eller i tilknytning til kommunal forretningsdrift.

Det er tre typar inhabilitet;

1. Automatisk inhabilitet, jf. fvl. §6 første ledd - familieforhold

2. Inhabilitet etter ein skjønsmessig vurdering, jf. fvl. § 6 annet ledd – «særegne forhold» slik som nært personleg forhold til en part eller særleg fordel, sakens art og betydning for de involverte, særleg engasjement og grad av openheit i beslutningsprosessen.

3. Avleda inhabilitet, fvl. §6 tredje ledd – er overordna inhabil, kan ikkje underordna ta avgjerd. Avleda inhabilitet kan berre inntre mellom tenestemenn i «same forvaltningsorgan».

Mandatet til ein sakshandsamar på Planavdelinga (også for sakshandsamar i kommunen forøvrig) er å forberede og tilrettelegge saken. Ein sakshandsamar kan fortsatt tilrettelegge saka dersom vedkommandes overordna er inhabil, jf. fvl. §6 andre ledd. Det er sjølv avgjerda som må fattast av ein habil person. Ei avgjerd tas kun av overordna i vår kommune. Det er ein leiar som godkjenner vedtak etter at sakshandsamar har forberedt og tilrettelagt saka. I vår sak, så har Marianne Sandvik sagt opp sin stilling som Plan- og bygningsjef. Ho har ingen beslutningsmynde i kommunen lengre, ei heller overfor sakshandsamar på Planavdelinga som har forbereda og tilrettelagt planforslaget.

Dersom Marianne Sandvik hadde vært fortsatt leiar av Plan- og Byggesak og samtidig vært ansatt i Harris, så hadde ho vært inhabil. Saksbehandlar på plan kunna like fullt forberedt og tilrettelagt saka og sendt saka til godkjenning til ein annan leder gjeve slik mynde. Dette for å illustrere at saksbehandlar på Planavdelinga i utgangspunktet har mynde til å tilrettelegge ei sak, men ingen mynde til å fatte ei avgjerd, såframt det ikkje er gjeve spesifisert beslutningsmynde frå den enkelte leder ned til sakshandsamar. Slik delegert mynde frå leder til sakshandsamar kan ikkje gis til ein sakshandsamar med eit planforslag, men kan vere aktuelt i til dømes eit mindre vedtak om utsatt iverksetting på klage.

Vidare ligg det ikkje føre eit nært personleg forhold eller personleg fordel mellom Marianne Sandvik, som representant frå Harris, og saksbehandlar på Planavdelinga da det har vore eit ordinært arbeidsforhold mellom leder og sakshandsamar.

Dessutan vil det vere slik at dersom ein tidlegare leiar av Plan- og Byggesaksavdelinga i kommunen, ikkje skal kunne arbeide opp mot kommunen frå ei anna stilling, så vil dette kunne nærmast kallast eit yrkesforbod. Kommunen eller samfunnet er ikkje tent med ei slik løysing då habilitetsreglane ikkje skal tolkast så strengt.

Konklusjon

Vi kan ikkje sjå at det ligg føre forhold som gjer at saksbehandlar på planavdelinga er inhabil på grunn av tidlegare tilknytning til Sandvik i jobbrelatert samanheng.

- Om fleire politikarar er inhabile.

Om nokon av politikarane har personlege relasjonar til Merete og Bjørnar Fløysand slik Romstad legg fram, lyt APM/KO svare for.

2. Det er riktig at APM/KS gjekk i mot vlfk si tilråding og Statsforvaltaren si vurdering i høve kva alternativ som var best ift overvannshåndtering. Det er deira rett som utøvarar av kommunen sitt frie forvaltningskjønn og som ledd i det kommunale sjølvstyret.

3. Vlfk uttaler: Leira som finst på Fløksand der vi skal leggje dreinsleidning ned frå A2 er vurdert. Det er ikkje store samanhengande område med leire, men små lommer mellom fjellknausar. Detaljvurderingar vil bli supplert fram mot bygging, større utgreiingar er ikkje nødvendig.

4. Om kostnader vert det vist til Vlfk sin vurdering. Vlfk uttaler: «Kostnader» er vurdert i samband med utarbeiding av kostnadsoverslag. Dei står fast ved at kostnadene ved dei to alternativa er om lag dei same. Sjå vedlegg 4, s. 13. om kostnadsberekning av begge alternativa.

Tilsvar frå Merete og Bjørnar Fløysand v/Advokatfirmaet Harris AS

Tilsvaret er ein kommentar til klagen frå Johannes Romstad, og gjeld hovudsakleg habilitet, kontradiksjon og saksbehandlingsfeil. Kommunedirektøren vil bemerke at vi ikkje har endra mening i høve val av trasé på bakgrunn innspel frå Harris, som er A1, men vi har heile tida lagt fram begge alternativa for vedtak for å lette jobben for politikarane slik at planvedtaket vart korrekt. Vi har ikkje aktivt argumentert for A1 i saksframlegga, så det er feil å bruke dette som argumentet ift fvl §41 slik dei gjer under pkt 4. Det vi har gjort er å vise til A1 som tilrådd alternativ.

Dette underbyggast av målet med kontradiksjon, der samtlige partar skal få like moglegheiter til openheit, forutsigbarheit og medverknad, jf. føremålsbestemmelsen i plan- og bygningslova §1-1. Dette for å skape tillit til forvaltninga sine avgjerd.

Konklusjon – Johannes Romstad

Det er kommunedirektøren sin vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Generell INFORMASJON

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast fram krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova §

- 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
 10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
 11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg i saken:

25.08.2022	Klage på vedtak for reguleringsplan Fløksand - Vikebø	1790726
25.08.2022	E-postmelding	1790725
07.06.2022	Ny vurdering - Fv. 564 Fløksand - Vikebø - detaljregulering	1750561
07.06.2022	NVE si fråsegn - Konkret førespurnad - Utviding av planområdet for reguleringsplan Fv 564 Fløksand - Vikebø	1750491
17.06.2022	Detaljregulering for fv. 564 Fløksand-Vikebø - Ny 2. gongs handsaming	1746174
08.06.2022	1_Planomtale_Fv.564	1750945
07.06.2022	2_Føresegner A1 rev etter off ettersyn_Fv.564	1750946
07.06.2022	3_Plankart A1_Fv.564	1750947
07.06.2022	4_Føresegner A2 rev etter off ettersyn_Fv.564	1750948
07.06.2022	5_Plankart A2_Fv.564	1750949
07.06.2022	6_Endringar etter offentleg ettersyn_Fv.564	1750950
07.06.2022	7_Merknadsskjema_Fv.564	1750951
08.06.2022	8_ROS_analyse_Fv.564	1750952
08.06.2022	9_KU_friluftsliv_Fv.564	1750953
08.06.2022	10_KU_kulturarv_Fv.564	1750954
08.06.2022	11_KU_landskap_Fv. 564	1750955
08.06.2022	12_KU_naturmangfold_Fv.564	1750956
08.06.2022	13_KU_naturressursar_Fv. 564	1750957
08.06.2022	14_Støyrapport_Fv. 564	1750958
08.06.2022	15_Flomvurdering_Fv.564	1750959
08.06.2022	16_Geoteknisk rapport_2018_Fv.564	1750960
08.06.2022	17_Geoteknisk rapport_2019_Fv.564	1750961
08.06.2022	18_GeotekniskDatarapport_2019_Fv.564	1750962
08.06.2022	19_Geoteknisk rapport utfylling_Fv.564	1750963
08.06.2022	20_Vegteikningar_A1_Fv.564	1750964
08.06.2022	21_Støyteikningar_A1_Fv.564	1750965
07.06.2022	22_VA-rammeplan A1_Fv.564	1750966
08.06.2022	23_Vegteikningar s_1-13_A2_Fv.564	1750967
08.06.2022	24_Vegteikningar s_14-26_A2_Fv.564	1750968
08.06.2022	25_Støyteikningar_A2_Fv.564	1750969
07.06.2022	26_VA-rammeplan A2_Fv.564	1750970
07.06.2022	27_Vurdering av klimagassutslepp_Fv.564	1750971
08.06.2022	28_Merknader_Fv.564	1750972
07.06.2022	29_Saksframlegg_ettersyn_Fv.564	1750973
08.06.2022	30_Ny uttale_NVE	1750974
07.06.2022	31_Ny uttale_Statsforvaltaren	1750975
08.06.2022	32a_Tilleggsuttaler_samla_vlfk	1750976
07.06.2022	32b_Oppfølging vedtak_vlfk	1750977
08.06.2022	32c_Overvasshandtering_vlfk	1750978

08.06.2022	32d_Kulturminne_vlfk	1750979
07.06.2022	33_Landbruk_Tilleggsuttale_ny	1750980
08.06.2022	34_Romstad_Notat_samla_ny	1750981
08.06.2022	35_Harris_Notat_samla_ny	1750982
08.06.2022	36_Harris_notat_ny	1750983
08.06.2022	37_Harris_epost_ny	1750984
07.04.2022	2022.04.20 APM- Video Fløksand-Vikebø	1721047
30.09.2022	Gjeld klage, fv. 564 Fløksand - Vikebø	1811347
29.09.2022	Tilbakemelding - klagefrist - Fv.564	1810941
26.09.2022	Gjeldende klage på reguleringsplan for fv 564 Fløksand-Vikebø	1808706
26.09.2022	Klage på reguleringsplan for FV. 564 Fløksand -Vikebø	1808678
26.09.2022	Klage - detaljreguleringsplan for Fv 564 Fløksand - Vikebø	1808644
23.09.2022	Klage på reguleringsplan FV 564 Fløksand-Vikebø - PlanID 1256 2016 0010	1808199
21.09.2022	Klage angående FV564 Fløksand-Vikebø	1806963
02.09.2022	Kunngjering av vedtatt reguleringsplan	1795192
26.08.2022	Detaljregulering - fv. 564 - Fløksand - Vikebø - Oversending av reviderte plandokument	1791481
26.08.2022	Reguleringsplan Fv564 plankart samla	1791482
26.08.2022	Føresegner rev etter vedtak	1791483
26.08.2022	Fv. 564 Fløksand - Vikebø Teikningar overvatn	1791484
26.08.2022	Fv. 564 Fløksand - Vikebø Teikningar VA	1791485
26.08.2022	VA-rammeplan Fv564 Fløksand-Vikebø A2	1791486
26.08.2022	Planomtale rev etter vedtak	1791487
07.10.2022	Klage - Fv. 564 Fløksand - Vikebø	1815423
06.10.2022	Merknad til klage	1814193